

2025

ÅRSMELDING



DET
NORSKE
TEATRET

03

KUNSTNARLEGE
AKTIVITETAR

09

PUBLIKUMSBESØK

13

ORGANISASJON

14

MÅLPOLITISK RÅD

15

VENNER AV DET
NORSKE TEATRET

20

PREMIERAR &
REPERTOAR

29

ANDRE
ARRANGEMENT

38

STYRETS
ÅRSMELDING

42

RESULTAT-
REKNESKAP

43

BALANSEN

55

KONTANTSTRAUM-
OPPSTILLING

56

MELDING FRÅ
REVISOR

Ansvarleg utgjevar Det Norske Teatret, Kjersti Horn **Ansvarleg redaktør** Andreas Aglen
Redaktør Ida Michaelsen I redaksjonen Åsne Dahl Torp, Inger Johanne Sæterbakk, Erlend Tårnesvik Dreiås,
Thine Sletbakk Bugge, Tine Marie Lund, Trude Norvik Molkom **Framsidedfoto** Siren Høyland
Grafisk formgjeving Atosa Mohebbi Salekdeh Trykksaka er prenta hos Konsis og produsert i Noreg.



Å vere eit teater for alle forpliktar

Å nå ut til eit stort og samansett publikum er sentralt i programmeringa av repertoaret til Det Norske Teatret. Vi skal ikkje berre vere nyskapande og innovative, men også ha appell hos det lojale kjernepublikummet og vere det opplagde valet for tilreisande til hovudstaden. I det ligg eit ansvar for å skape store og spektakulære scenekunstopplevingar, men også ein medviten tanke om at eit mangfald av publikum skal kjenne seg representerte gjennom kunsten vi skaper.

I 2025 har teateret arbeidd systematisk for å gi reell plass for fleire og nye impulsar, tankar og synspunkt. Store og samansette publikumsgrupper har funne vegen hit og besøket landa på 209803 (171 222 i 2024). Økonomisk har også 2025 vore eit særst godt år og vi kan notere eit overskot på heile 18,8 mill. kroner (12,6 mill. i 2024). Det skuldast både gode billettinntekter, streng kostnadskontroll og ein auke i statstilskotet.

Vårsesongen opna med eit lidenskapeleg og blodig drama på Hovudscenen. I *Lady Macbeth* fekk publikum stifte kjennskap med ei kvinne som nådeløst ryddar alle hindringar av vegen for å dyrke sitt utanomekteskapelege eventyr. Julie Moe Sandø portretterte den lidenskapelege og brutale kvinna i eit visuelt vakkert scenerom, og publikum fekk ei oppleving både for auge og sinn.

Neste store prosjekt på Hovudscenen var *Europavisjonar*, ei kompromisslaus og halsbrekkande nyskaping innan musikalsjangeren. Det Norske Teatret har vore, og skal halde fram med å vere, det leiande musikalteateret

der publikum til kvar tid skal kunne velje denne sjangeren i repertoaret. Like viktig har det vore å utvikle musikalformatet. Med *Europavisjonar* skulle songkonkurransen Eurovision fungere som eit prisme for den politiske utviklinga i Europa frå Berlinmurens fall og fram til i dag. I ei direktesend «TV-sending» song statsleiarar sine visjonar for Europa til låtar som reelt har konkurrert i Eurovision. Estetikken, oppbygginga og gjennomføringa av showet var, om ikkje ein blåkopi av originalen, så i alle fall ein variasjon av det kjente konseptet, noko som blei heidra med Heddaprisen for beste kostyme og scenografi. Og til slutt skulle publikum stemme over den beste visjonen. Teknisk utfordrande på direkten, men eit prosjekt som blei løyst og som garanterte publikumsmedverknad på eit nivå som aldri tidlegare har vore gjennomført på den største scenen vår. Eit samla kritikarkorps gjekk fullstendig av hengsla. «En musikalsk, satirisk og politisk genistrek som har både kunstnerisk og folkelig appell», skreiv Dagsavisen og fekk rett i at folk kom av særst ulike grunnar. Paljettar og politikk blei ein fulltreffar i store og ulike publikumsgrupper gjennom heile året. Framsyninga blei også nominert til Heddaprisen for beste musikkteaterforestilling og for beste audiovisuell design.

Sist ut på Hovudscenen på vårparten var urpremieren på Arne Lygres tekst *Ikkje ein lyd*. Dei siste åra har Lygres dramatikkk for alvor slått gjennom hos det store publikummet. Få skildrar vennskap og nære relasjonar på så enkelt, humoristisk og likevel djupt meningsfullt vis som Lygre. Også her var tilbakemeldingane særst gode.

I tillegg fann to andre produksjonar vegen til Hovudscenen i vår. Edvard Hoems slektskrøniker har treft ein brei lesarskare. Dramatiseringa av *Jordmor på jord* gjesta Hovudscenen frå Teatret Vårt. Edvard Hoems forteljing om tippoldemor si, mor til slåttekaren som tidlegare har gledd mange lesarar og teaterfolk, fann gjenklang i kjernepublikummet vårt. I tillegg sette vi opp *Arv og miljø*, som hadde premiere på DNS i 2018. Kjersti Elvik portretterte igjen eg-karakteren i Vigdis Hjorths skakande familiedrama, og ensemblet ved DNT stod for dei andre rolletokingane.

På Scene 2 opna året med ein stor musikal i eit intimt format. *Once* i regi av ein av Nordens leiande musikalregissørar, Jakob Höglund, var ein hyllest til livet og kjærleiken, der eit opplagt ensemble trakterte 16 instrument, i tillegg til store songoppgåver. Frida Ånnevik gjendikta musikalen til nynorsk, og *Once* fekk eit langt liv på scenen.

Meir musikk blei det da *Da vi var yngre* fekk urpremiere med den lovande artisten Jonas Benyoub i hovudrolla. Ein nominasjon til Heddaprisen for beste skodespelar vitnar om ein solid skodespelardebut. Den kritikarroste romanen til Oliver Lovrenski blei sett i scene av Aksel Hennie til strålende kritikkar. Unge menneske strøymde til Scene 2 i hopetal, og framsyninga henta heim Heddaprisen for beste ungdomsteater.

Prosessens mot menneska var eit spennande utviklingsprosjekt som skapte stor merksemd kring samspelet mellom kunst og kunstig intelligens. Framsyninga blei utvikla og realisert som del av det EU-finansierte prosjektet ACuTe (Creative Europe), og representerer eit omfattande kunstnarleg, teknologisk og organisatorisk utviklingsarbeid ved Det Norske Teatret. Prosjektet har gått over fleire år og involvert eit breitt spekter av interne fagmiljø, eksterne teknologipartnarar, akademia og internasjonale nettverk. I lag med ekspertar på ulike fagfelt, har teateret saman med tech-selskapet - og etter kvart sponsoren vår - NetNordic utvikla framsyninga. I samband med urpremierer på Scene 2 inviterte teateret til ei arrangementsrekke der kompleksiteten rundt KI blei debattert. Prosjektet har vekt merksemd langt utover scenekunstheltet og har vore presentert på fleire sentrale arenaer nasjonalt og internasjonalt, både i Europa og Asia.

På Scene 2 blei også Kathrine Nedrejords skakande sjølvbiografiske roman *Forbrytar og straff* sett opp i regi av Julia Marko-Nord. Kirsti Refseth gav kropp til eg-forteljaren og framsyninga var eit viktig innlegg i samtalen kring valdtektsofferets møte med rettsvesenet.

På Scene 3 var multitalentet Tani Dibasey hyra inn til å fornye scenekunsten. Saman med duoen Only Slime fekk han frie tyglar til å setje sitt ungdommelege preg på

scenerommet gjennom heile 2025. Saman har dei stått for store opplevingar skreddarsydd for ein heildigital generasjon med klare referansar til populærkultur som dataspel, anime, internettkultur og film. Heile ti framsyningar har dei presentert, i tillegg til ei rad med enkeltstående arrangement. Denne programmeringa har også fungert som eit viktig pubikumsutviklingsprosjekt, i tillegg til å vere ei kunstnarleg utforsking. Analysane viser at prosjektet i stor grad appellerte til nye grupper og at særleg unge menn i alderen 29 til 34 år har funne vegen til Scene 3 gjennom 2025.

Vårsesongen blei avrunda med at dørene på teateret opna for årets Pride-festival. Fleire arrangement og samtalar, i tillegg til ei eigenprodusert framsyning, var del av feiringa den siste juniveka på teateret.

I september arrangerte teateret den fjerde internasjonale Fossefestivalen som trekte nokre av dei heitaste namna i europeisk scenekunst og litteratur. På programmet stod unge, eldre, etablerte og meir uventa namn som løfta fram den særreigne forfatterskapen til Jon Fosse. Forfattaren Édouard Louis var invitert som festivalprofil, og det

Magic Mouse vs Capitalism. Foto: Ole Herman Andersen





Sukker. Foto: Ole Herman Andersen

belgiske stjerneskotet Lisaboa Houbrechts sette i scene *Vinter* og hadde med seg eit knallsterkt kunstnarleg lag til Hovudscenen. Jon Fosse sitt nye stykke *Skodespelet* fekk urpremiere på Scene 2, Etienne Glaser vitja med *Så var det*, og dei tyske nestorane Kay Voges og Thomas Ostermeier var begge representerte på regi på høvesvis *Namnet* og *Kven drap far min*. Rabulisten Milo Rau var aktuell med både framsyninga *Antigone in de Amazon* og med verkstader for teaterkunstnarar, og Athena Farrokhzad var invitert inn på fagprogrammet. Sjølv influensaren Sophie Elise kom for å

prate om Fosse i eit arrangement som både nådde forsida på VG og som raskt blei fullteikna. Også kronprinsesse Mette-Marit som hadde takka ja til å vere høg vernar av festivalen deltok i ein lesesirkel om romanen *Naustet*. Med årets program styrkte Fossefestivalen ytterlegare sin posisjon som ein av dei viktigaste møteplassane for ny, europeisk scenekunst.

Vidare på Hovudscenen blei Göran Tunströms prisvinnande roman frå 1983, *Juleoratoriet*, dramatisert. Regien var ved Johannes Holmen Dahl som igjen skapte ei sober og elegant scenisk oppleving. Vi runda av sesongen på den største scenen med *Juleroser* og Herborg Kråkevik i spissen for eit opplagt ensemble. Det litterære juleheftet kom i si ellevte utgåve og publikum fekk oppleve utdrag i form av musikk, forteljingar, humor og tradisjonsrik julestemning.

«Alle i Norge burde se dette stykket». Det konkluderte meldaren til Aftenposten etter å ha sett urpremieren på *Sukker*, skrive og regissert av Linda Gathu. Eit stykke om kvite blindsonar, om ein museumsbransje i krise og om skjult norsk historie, der fleire av karakterane var inspirerte av ulike afro-norske personar frå dei siste 400 åra, gjekk for fulle hus på Scene 2.

Édouard Louis' sjølvbiografiske roman *Forandre seg: metode* fekk urpremiere på Scene 2 i november. Vetle Bergan framførte monologen om den ekstreme klassereisa Louis har gjort, frå oppveksten blant dei fattigaste klassane



Proessen mot menneska. Foto: Ole Herman Andersen



Vinter. Foto: Kurt Van Der Elst

i ein familie prega av arbeidsløyse, alkoholisme, vald og undertrykking via middelklassen i ein provinsby, til dei intellektuelle miljøa i Paris og den franske og internasjonale overklassa.

Les Misérables som var eit samarbeid med Betty Nansen Teater fekk noregspremiere på Scene 2 i november. Framsyninga var nominert til fleire Reumert-prisar (den danske teaterprisen), og vann prisen for beste samspel. Den nye dramatiseringa av romanen fann eit stort publikum også her i landet.



Sukker. Foto: Ole Herman Andersen

Barn og unge

Satsinga på barn og unge har gjennom 2025 vore ein sentral del av kjerneverksemda ved teateret. Det er ein stor ambisjon å gi barna estetiske opplevingar som går langt ut over den underhaldninga dei får gjennom andre kanalar. I ein digitalisert barndom har kollektive opplevingar stor verdi.

Dei aller minste har vore invitert inn i det humoristiske og fargerike universet til dei to pingvinane *Unni og Gunni*. Framsyninga var lagt til foajeen utanfor Scene 2 slik at dei yngste publikummarane våre kom tett på både skodespelarar og handling, ei trygg ramme for barn som kanskje opplevde teater for aller første gong. For barn i ei noko eldre årsklasse spente vi opp det aller største lerretet og inviterte til *Den uendelege historia* på Hovudscenen. Her fekk dei presentert heile teatermaskinens magi gjennom ei heilafantastisk framsyning. Årets skoleevy fekk plass på Hovudscenen i april og trekte vidaregåandelevlar til teateret gjennom ei heil veke. På Rommen Scene var den skakande forteljinga om gjengmiljøet i Stockholm, *Ord for blod*, haustens store ungdomssatsing, ei framsyning som var samprodusert med Riksteatret og som fekk ein omfattande turne gjennom store delar av landet.

Under DUS-festivalen i mai samla ungdomsteatergrupper frå heile landet seg til mønstring på DNT. Over 80 grupper deltok på ulike festivalar rundt om i landet, 12 av desse fekk ta turen til hovudstaden.



Samarbeidet med Den kulturelle skolesekken og programmet «Møt Det Norske Teatret» med omvising, formidlingsopplegg og framsyning for sjetteklassar i Oslo-skolen heldt fram i 2025.

Det Norske Teateret i Groruddalen har utvikla ein tydeleg barne- og ungdomsprofil, og gjennom teaterklubben Rebell har dette vore vidareført i 2025.

Oppsummering

Å vere eit teater for alle forpliktar. Dei store publikumsvinnarane i 2025, *Europavisjonar* og *Da vi var yngre* representerer på kvart sin måte ambisjonen om å treffe publikum med historier som både er nære, heimlege, politiske, men også opplysende, lærerike og innsiktsfulle. Ambisjonen om å bringe nye perspektiv inn i teaterrommet har resultert i mange særsl ulike prosjekt. Gjennom nyskapande og innovative sceniske prosessar har ulike datasimulerte prosjekt på Scene 3 og språkmodellen i KI-framsyninga *Prosesen mot menneska* stått i noko kontrast til den meir tradisjonelle, men likevel estetisk vakre teatermagien i prosjekt som *Sukker*, *Vinter*, *Lady Macbeth* og *Ikkje ein lyd*. Dette gir moglegheiter for å nå breitt ut, samstundes som publikum kan orientere seg i sjangrar og forteljingar som kanskje ikkje var opplagde val. Eit høgt besøkstal kan tyde på at desse ulike sjanger- og repertoarvala har vore kloke. Det Norske Teatret rommar kunstnarlege og faglege krefter som gjer det mogleg å tilby teater av høg kvalitet til eit breitt lag av folket.



KJERSTI HORN
Teatersjef

OPPSETJING	PREMIERE	TAL FRAMSYNINGAR	SUM BILLETTAR	BILLETTAR PER FRAMSYNING	KR. BRUTTO
HOVUDSCENEN					
<i>Snøsøstera</i>	22.10.22	1	322	322	103 790
<i>Heil ved</i>	12.11.23	14	4 824	345	2 129 100
<i>Jazz på nynorsk</i>	24.10.24	5	1 249	250	487 605
<i>Lady Macbeth</i>	18.01.25	15	3 154	210	912 055
<i>Da vi var yngre</i>	28.02.25	15	10 638	709	4 529 610
<i>Europavisjonar</i>	01.03.25	67	47 367	707	26 209 305
<i>Ikkje ein lyd</i>	06.04.25	16	4 346	272	1 453 320
<i>Arv og miljø</i>	03.05.25	11	3 668	333	1 395 005
<i>Vinter</i>	05.09.25	17	4 180	246	1 052 940
<i>Den uendelege historia</i>	18.10.25	14	8 536	610	2 527 395
<i>Juleoratoriet</i>	22.11.25	5	2 962	592	1 037 260
<i>Juleroser</i>	07.12.25	6	4 173	696	1 385 695
<i>Generalprøve/prøveframsyningar</i>		20	7 209		33 200
SUM HOVUDSCENEN		206	102 628		43 256 280
SCENE 2					
<i>Haugtussa</i>	14.11.13	6	1 076	179	266 325
<i>Einkvan</i>	25.04.24	10	1 364	136	443 250
<i>Jente, 1983</i>	06.09.24	17	2 472	145	978 995
<i>Jazz på nynorsk</i>	24.10.24	5	831	166	316 630
<i>Once</i>	01.02.25	34	5 092	150	1 664 945
<i>Forbrytar og straff</i>	06.02.25	6	692	115	107 605
<i>Da vi var yngre</i>	22.02.25	29	5 681	196	2 158 550
<i>Proessen mot menneska</i>	29.03.25	15	695	46	117 765
<i>Skodespelet</i>	06.09.25	17	2 959	174	923 240
<i>Forandre seg: metode</i>	18.10.25	9	1 423	158	369 835
<i>Sukker</i>	18.10.25	12	2 222	185	655 960
<i>Les Misérables</i>	13.11.25	12	2 060	172	637 620
<i>Generalprøvar/prøveframsyningar</i>		16	1 747		13 800
SUM SCENE 2		188	28 314		8 654 520
DET NORSKE TEATRET I GRORUDDALEN					
<i>Ord for blod</i>	11.09.25	8	1 053	132	171 700
<i>Generalprøvar/prøveframsyningar</i>		1	176		200
SUM DET NORSKE TEATRET I GRORUDDALEN		9	1 229		171 900


OPPSETJING	PREMIERE	TAL FRAMSYNINGAR	SUM BILLETTAR	BILLETTAR PER FRAMSYNING	KR. BRUTTO
SCENE 3					
<i>PSYCHIC</i>	27.03.25	9	581	65	77 090
<i>FIGHT!</i>	09.05.25	9	586	65	55 350
<i>Scene 3 gjer Ein dokkeheim</i>	14.06.25	1	39	39	4 530
<i>DRAGONBLOOD</i>	13.09.25	8	837	105	78 610
<i>MAGIC MOUSE vs. CAPITALISM</i>	05.11.25	10	794	79	98 100
Generalprøvar/prøveframsyningar		7	556		200
SUM SCENE 3		44	3 393		313 880
ANDRE SPELESTADER PÅ TEATERET					
<i>Lunsj & Lyrikk</i>		34	1 610	47	0
<i>Unni og Gunni målar</i>	03.05.25	11	493	45	37 805
<i>HOW TO MAKE LOVE</i>	23.06.25	5	213	43	16 350
<i>Oslo Pride: Konsert Jeremy Dutcher</i>	24.06.25	1	130	130	0
<i>Queendom</i>	11.10.25	1	220	220	0
Generalprøvar/prøveframsyningar		1	76		0
SUM ANDRE SPELESTADER PÅ TEATERET		54	2 742	485	54 155
SÆRLEGE TILTAK FOR BARN OG UNGE					
Møt Det Norske Teatret (DKS)		56	1 086		252 840
DUS 2025		18	1 837	102	56 750
Rebell		76	898		0
Rebell (vising og festival)		3	185		0
Den Mangfaldige Scenen (kurs)			1 486		0
Den Mangfaldige Scenen (framsyningar)		123	7 639		0
SUM SÆRLEGE TILTAK FOR BARN OG UNGE		276	13 131	102	309 590

OPPSETJING	TAL FRAMSYNINGAR	SUM BILLETAR	KR. BRUTTO
FORMIDLING			
Innsikt	26	2 830	0
Sideprogram Fossefestivalen 2025	18	2 102	16 695
Omvising (for lukka grupper)	35	739	64 960
Spesialomvising Den uendelege historia	3	71	10 100
Fagprogram Heddadagane 2025	22	937	0
Innsikt Oslo Pride	3	449	0
SUM FORMIDLING	107	7 128	91 755
ANNAN AKTIVITET			
Nøkkelkundar og andre arrangement	66	10 336	0
Festivalpass Heddadagane 2025			71 970
Scene 3			5 762
SUM ANNAN AKTIVITET	66	10 336	77 732

OPPSETJING	TAL FRAMSYNINGAR	SUM BILLETAR
DET NORSKE TEATRET PÅ SPELFERD		
Det e hardt å være b**ch (Turné)	1	100
Heil ved	2	3 000
Snøsøstera (Kilden)	25	9 033
Snøsøstera prøveframсыning (Kilden)	2	373
Ord for blod (Turné Riksteatret)	47	6 664
Ord for blod prøveframсыning (Turné Riksteatret)	3	690
Einkvan (The Coronet London)	11	1 285
Proessen mot menneska (Linz)	1	139
Proessen mot menneska (Dortmund)	3	120
Les Misérables (Betty Nansen)	31	7 204
Les Misérables prøveframсыning (Betty Nansen)	2	
Scene 3	8	931
SUM DET NORSKE TEATRET	136	29 539

OPPSETJING	DATO	TAL FRAMSYNINGAR	SUM BILLETTAR	BILLETTAR PER FRAMSYNING	KR. BRUTTO
GJESTESPEL I HUSET					
UNLIMITED VOID	23.01.25	8	715	89	120 275
AFTERLIFE	15.02.25	4	304	76	46 210
DIAMOND PLANET	25.02.25	4	187	47	29 850
SAYKOLUHJEE	05.03.25	3	168	56	29 050
PARTY MODE og div. arrangement	07.02.25	20	874	44	86 730
Jordmor på jorda (Teatret vårt)	23.01.25	12	4 597	383	2 100 645
Vennskapskunst (Torbjørn Eriksen)	08.03.25	1	86	86	24 865
Den bortkomne faderen (Torbjørn Eriksen)	13.03.25	1	48	48	10 550
Årets revy 2025	24.04.25	2	768	384	88 400
Gudenes voktere (Unge Viken Teater)	10.06.25	2	187	94	3 540
Honningtunger (Nordland teater)	11.06.25	2	273	137	60 655
In Search of Democrazy 3.0 (Østfold Int. Teater)	11.06.25	2	179	90	6 640
My body my home (71Bodies og DansiT)	12.06.25	1	213	213	kr 38 580
Lilli Valentin (Teater Ibsen)	13.06.25	2	174	87	kr 46 675
Qui a tué mon père (Schaubühne)	07.09.25	2	1 326	663	kr 493 145
Så var det (Etienne Glaser)	07.09.25	2	227	114	kr 50 930
Femti-femti (Det Andre Teatret)	11.09.25	1	66	66	kr 5 640
Der Name (Schauspiel)	12.09.25	2	495	248	kr 107 335
Antigone in de Amazon (Milo Rau / MST & NtGent)	13.09.25	2	314	157	kr 61 920
Dei som ikkje finst (Julian Blaue)	09.12.25	2	162	81	kr 18 945
SUM GJESTESPEL I HUSET		75	11 363		3 430 580

OPPSETJING	TAL FRAMSYNINGAR	BILLETTAR	KR. BRUTTO
SAMMANDRAG			
Hovudscenen	206	102 628	kr 43 256 280
Scene 2	188	28 314	kr 8 654 520
Scene 3	44	3 393	kr 313 880
Det Norske Teatret i Groruddalen	9	1 229	kr 171 900
Andre spelestader på teateret	54	2 742	kr 54 155
Tiltak barn og unge	276	13 131	kr 309 590
Formidling	107	7 128	kr 91 755
Andre aktiviteter	66	10 336	kr 77 732
Gjestespel ved Det Norske Teatret	75	11 363	kr 3 430 580
Det Norske Teatret på spelferd	136	29 539	kr 0
SUM TOTALT	1 161	209 803	56 360 392



Avdelingar & fagområde

Teatersjefen er øvste leiar på Det Norske Teatret og leiar den kunstnarlege verksemda direkte. På teatersjefens vegner leiar direktøren administrasjon, kommunikasjon, produksjon og plan, teknikk og eigedomsdrift.

Målpolitisk råd

I punkt 5 i vedtektene for LL Det Norske Teatret er oppgåvene til Målpolitisk råd formulerte slik:

«Eit målpolitisk råd valt av årsmøtet gjev råd om korleis teatret skal fremja føremålet sitt på beste måte. Rådet kan ta opp spørsmål som gjeld både teatret og målorganisasjonane.»

Rådet har hatt to møte i 2025, der leiinga ved teateret og var til stades og vitra om den kunstnarlege verksemda og om drifta av teateret. Møta i rådet blir haldne hos Det Norske Teatret, men ettersom fleire av medlemmene bur utanfor Oslo-området, er det lagt opp til at medlemmene kan delta digitalt dersom det høver best for dei.

2025 har vore Kjersti Horns første år som teatersjef. Med det har ho teke over ansvaret for det som gjennom mange år har styrkt posisjonen sin som så kunne kallast Noregs største nynorskverksemd, og utan tvil ein av dei aller viktigaste nynorskinstitusjonane. Målpolitisk råd ønskjer å vere ein god og konstruktiv samarbeidspartnar med teatersjefen i arbeidet med å halde fram med å styrkje Det Norske Teatret som eit nynorsk fyrårn.

Nynorsken er eit mindretalsspråk i Noreg, og han er utan tvil under press. Mangt ikkje berre kunne, men burde, ha vore betre stelt i skulen, i akademien, i pressa, i politikken osv. Det kan vere lett å kjenne seg litt motlaus av stoda. Då er det desto meir gledeleg at nynorsken på det kunstnarlege området viser seg som eit kraftfullt og levedygtig språk. Det kjem stadig fram nye dyktige skribentar som nyttar nynorsk på ein god måte. Det Norske Teatret er ein heilt sentral arena for at desse skribentane, anten det er tale om dramatikarar, attdiktarar og omsetjarar eller andre forfattarar som får verka sine adapterte til teater.

På rådsrådet i april 2025 var temasaka nyttiltredd teatersjef Kjersti Horns planar og ambisjonar for Det Norske Teatret. Ho gjorde greie for ein ambisjon om at Det Norske Teatret skal vere eit kulturhus som knytter seg til samtida vår og tilbyr eit språk å vere i også for nye grupper.

På rådsrådet i november var temasaka «Kva vil vi med Målpolitisk råd?». Både rådsmedlemmene og representantane for Det Norske Teatret vart oppmoda til å tenkje over kva rådet bør bidra med framover. Rådet ønskjer å vere ein sparringpartnar for teateret i det strategiske arbeidet med å fremje det språkpolitiske føremålet med teateret. Det er også viktig at teateret bidreg med å løfte saker inn til rådet. Rådet er òg viktig for å halde opp sambandet mellom Det Norske Teatret og organisasjonane i målårsrsla og ungdomslagsrørsla.

I tillegg til valde medlemmer og varamedlemmer i rådet møtte teatersjef Kjersti Horn og språkkonsulent Inger Johanne Sæterbakk på møtet i april, medan direktør Irene Halvorsen møtte på begge møta i 2025.

Samansetjinga av rådet etter årsmøtet i april 2025:

Medlemmer: Kjetil Aasen, Sverre Tusvik, Mette Vårdal, Steinulf Tungesvik og Astrid Marie Grov

Varamedlemmer: Marit Aakre Tennø, Anne Straume, Håkon Ambrosius Remøy, Maria E. Austbø og Marie Nicolaisen

Venner av Det Norske Teatret

Aktiviteten i Vennelaget har vore stor også i 2025. Samarbeidet med teateret er svært godt og styret set pris på velviljen både frå leiinga og andre tilsette ved teateret. Vi kjenner at arbeidet vårt blir verdsett, noko som skapar entusiasme hjå styret og hjå medlemmene i laget.

Pr. 31. desember 2025 hadde Vennelaget 322 medlemmar. Dette er litt færre enn året før.

Vennelagsturar og arrangement

1. september: Besøk til Ladegården. Kåseri om middelalder-Oslo ved Leif Gjerland.

22. oktober – 23. oktober: Medlemstur til Kristiansand. Vi såg framsyninga Suffløren på Kilden Teater og hadde omvisning på Kunstsilo.

Medlemskveldar og Lunsj & Lyrikk

Siste året har samarbeidet med teateret blitt styrkt, ikkje minst ved at både medlemskveldane og Lunsj & lyrikk blir arrangerte i samarbeid med teateret. Dei er opne for ikkje-medlemmer og blir annonserte på teateret sine nettsider. Dette har gjort Vennelaget synleg for eit breiare publikum. I tillegg har frammøte auka kraftig.

Vennelaget har skipa til sju medlemskveldar i 2025

25. februar, Scene 2 *Once* av Enda Walsh.

18. mars, Hovudscenen *Europavisjonar* av Simen Formo Hay, Johan Hveem Maurud og Oda Radoor.

Medlemskveldar

23. april, Hovudscenen *Ikkje ein lyd* av Arne Lygre.

6. mai, Hovudscenen: *Arv og miljø* av Vigdis Hjort.

16. september, Scene 2: *Skodespelet* av Jon Fosse.

18. november, Scene 2: *Les Miserable*, basert på romanen av Victor Hugo.

4. desember, Hovudscenen: *Juleoratoriet* av Göran Tunström.

Arbeidet i styret

Det har blitt halde 10 styremøte. Praksisen med styremøte om ettermiddagen har fungert bra. Dette blei innført i 2024 som resultat av at fleire av dei nye styremedlemmene er i fast arbeid. Dei tre varamedlemmene deltek på alle styremøta og har oppgåver på same måten som dei faste medlemmene.

Styret har ikkje kome i mål i arbeidet med eit digitalt arkiv for Vennelaget. Dette arbeidet vil halde fram. Arbeidet med verving er høgt prioritert. Målet om kraftig auke i medlemstallet er ikkje nådd. Dette vil bli arbeidd vidare med framover.

I 2025 oppretta Vennelaget ei Facebook-side i tillegg til Facebook-gruppa.

Årsmøtet 2025

Møtet blei halde 24. mars i Bikuben på Det Norske Teatret. Direktør Irene Halvorsen ønskte vennelags-medlemmene velkomne og takka laget for innsatsen for teateret. Sjefdramaturg Ingrid Weme Nilsen helsa også årsmøtet. Ho fortalde mellom anna om korleis teateret arbeider med repertoar-val.

Vennelagsprisen 2025

I 2025 gjekk prisen til tidlegare teatersjef Erik Ulfsby. I valet av prisvinnar, la styret mellom anna vekt på dei kunstnarleg og økonomiske resultatane Ulfsby har oppnådd gjennom 14 år som teatersjef. Prisen er på 30 000kr og blir gjeven til ein fast tilsett ved Det Norske Teatret, og som har gjort ein viktig innsats for teateret i seinare tid.

Styret i Vennelaget etter årsmøtet 24. mars 2025

Leiar: Astrid Versto

Nestleiar: Jon Låte

Styremedlemer: Arnhild Skre, Line Omland Eilevstønn, Arne Gloppen

Varamedlemer: Ingrid Marie Amundsen, Ragnhild Hovengen, Hilde Olausson

Styret

Hilde Barstad, styreleiar
Steinulf Tungesvik, nestleiar t.o.m årsmøte 2025
Erik Bolstad, nestleiar f.o.m årsmøte 2025

Varamedlem
1) Eli Ulvestad
2) Elise Takle

Valde etter tilråding frå staten
Magni Hjertenes Flyum
Loveleen Rihel Brenna
Martin Alexander Korsheim Eia-Revheim

Vara
1) Ivar Hogne Areklett Moe

Valde av dei fast tilsette på teateret
Geir Kvarme, kunstnarleg representant
Åshild Mjelde Nordås, teknisk og administrativ representant

Vara for Geir Kvarme
1) Heidi Gjermundsen Broch
2) Paul Ottar Haga
3) Anders Hasmo

Vara for Åshild Mjelde Nordås
1) Siren Høyland
2) Inger Johanne Sæterbakk
3) Elisabeth Hermansen

Styret har halde 7 møte i 2025.

Valnemnd

Vidar Lund (leiar)
Edmund Austigard
Janne Nygård

Leiargruppa

Kjersti Horn, teatersjef
Irene Halvorsen, direktør
Lisbeth Aasland, driftssjef
Andreas Aglen, økonomisjef
Thine Sletbakk Bugge, kommunikasjons- og marknadssjef
Espen Gravklev, plansjef
Kristin Tunold-Hansen, teknisk sjef
Tine Marie Lund, sjefprodusent

Tillitsvalde

Creo: Tine Smith Hjelmerud, Anders Hasmo, Gry Espenes
Fagforbundet Teater og Scene: Anne Stålegård

Norsk Tjenestemannslag: Erlend Tårnesvik Dreiås, Julie Salomonsen
Norsk Skuespillerforbund: Julie Moe Sandø, Thea Lambrechts
Vaulen

Arbeidsmiljøutvalet

Siri Hundvin, snikkar og hovudverneombod
Eirik Ingebricson, sceneavdelinga
Johanne Kallhovd, planavdelinga
Jon Bleiklie Devik, skodespelar
Irene Halvorsen, direktør
Lisbeth Aasland, driftssjef og HMT-ansvarleg
Kristin Tunold-Hanssen, teknisk kontor
Torill Ringstad, personalrådgjevar

HMT-ansvarleg:
Lisbeth Aasland driftssjef
Oslo Akutten

Verneombod

Siri Hundvin, hovudverneombod
Line Antonsen, kostymeteknikar, maske, snikkar, smed og målar
Eirik Ingebricson Hovudscenen, rekvisitten og Rommen scene
Børge Løkke Knudsen Scene 2, Scene 3, lysavdelinga og lydavdelinga
Jon Bleiklie Devik kunstnarleg/musikkavd
Trude Norvik Molkom inspisientar, produksjonsmedarbeidarar, administrasjonen, frontpersonale (vertar og billettuka/resepsjon), kommunikasjonsavdelinga, teknisk kontor, produsentavdelinga og planavdelinga.
Mathavaroppan Rasagopal reinhald/vedlikehald/lager/kantine
Emilie Nørsteli Selmer frontpersonale

Sjukefråvær


Sjukefråværet i 2025 var på 4,1 % (3,8 % i 2023).

Tilsette

I 2025 blei det utført 251 årsverk ved teateret. Teateret hadde ved utgangen av året 279 fast tilsette og åremålstilsette. Av desse var 128 menn og 151 kvinner. Av stillingane var 37 deltidstillingar.

Verv

Irene Halvorsen er styremedlem i Tullinsamarbeidet
Inger Johanne Sæterbakk sit i rådet for Nynorsk kultursentrum
Ingrid Weme Nilsen er vara til rådet for Nynorsk kultursentrum
Siri Løkholt Ramberg sit i juryen for Nynorsk litteraturpris og er styreleiar i Norsk dramatikfestival
Anders Hasmo er leiar av styringsgruppa for DUS (Den Unge Scenen)
Marianne Krogh er i styringsgruppa for DUS (Den Unge Scenen)
Tine Marie Lund er i styringsgruppa for ACuTe



Bilde frå *Magic Mouse vs Capitalism* på Scene 3. Foto: Ole Herman Andersen

Slik jobbar Det Norske Teatret for eit miljøvennleg og berekraftig teater

I løpet av 2025 har Det Norske Teatret gjennomført ei resertifisering som Miljøfyrtårn. Resertifiseringa har vore ein milepåle i arbeidet med klima og miljø. Som del av prosessen er eksisterande rutinar og praksisar gjennomgått og vurdert. Dette har gitt verdifulle innsikter i kor organisasjonen allereie gjer ein god innsats, og kor det finst potensial for vidare forbedring. Det er og gjort ein vesentleg analyse for områda energi, arbeidsmiljø, innkjøp, transport, avfall og kjeldesortering. Analysen har resultert i konkrete mål og tiltak som skal følgast opp frå og med 2026. Sidan 2023 har DNT vore eit av ni europeiske teater som testar ut produksjonsmetodikken Theatre Green Book. Teateret har som mål å systematisere arbeidet med TGB i produksjonsprosessane for å synleggjere miljøavtrykk og moglegheiter for gjenbruk og ombruk. DNT jobbar systematisk med HMT og har i november 2025 gjennomført ei arbeidsmiljøundersøking.



God helse og livskvalitet

Det Norske Teatret skal vere ein trygg og sunn arbeidsplass der dei tilsette opplever mening og meistring. Det Norske Teatret skal gi publikum meningsfulle opplevingar, spegle kvardagen til folk og styrke kjensla av fellesskap.



Mindre ulikskap

Det Norske Teatret skal vere ein lett tilgjengeleg kunstnarleg møtestad som inkluderer og formidlar samfunnets mangfald av stemmer og blikk. Teateret skal vere eit kunstnarleg kraftsenter der alle kan kjenne seg heime.



Stoppe klimaendringane

Det Norske Teatret skal bidra til å stoppe klimaendringane gjennom ansvarleg forbruk og produksjon, og gjennom å ta vare på det ytre miljøet. Vi skal vere eit klimanøytralt teater innan 2030.

Berekraftige byar og lokalsamfunn



Det Norske Teatret skal vere ein open møteplass midt i hovudstaden for sosial og kulturell samhandling. I møte med publikum og samarbeidspartnarar skal vi bidra til gjensidig bevisstgjerjing og inspirasjon.

Ansvarleg forbruk og produksjon



Miljømedvit skal integrerast i all planlegging og ressursbruk ved teateret. Arbeidet med å redusere ressursbruken skal vere ei kreativ utfordring og gi rom

Klimarekneskap 2025

UTSLEPPSKJELDE	FORBRUK	UTSLEPPSFAKTOR	UTSLEPP
OMRÅDE 1			
Energibruk - Diesel	20 liter	2,66 Kg CO ₂ e/liter	0,053 tonn CO ₂
SUM OMRÅDE 1			0,053 TONN CO₂
OMRÅDE 2			
Drivstofforbruk i køyretøya til verksemda - Elektrisitet (personbil/varebil)	1 443 kWh	0,019 kg CO ₂ e/kWh	0,027 tonn CO ₂
Energibruk - Elektrisitet	1 963 637,4 kWh	0,012 kg CO ₂ e/kWh	23,564 tonn CO ₂
Energibruk - Fjernvarme	911,45 kWh	0,075 kg CO ₂ e/kWh	0,068 tonn CO ₂
SUM OMRÅDE 2			23,659 TONN CO₂
OMRÅDE 3			
Avfallsmengder - EE-avfall	2982,5 kg	0,068 CO ₂ e/kg	0,203 tonn CO ₂
Avfallsmengder - Farleg avfall	366,5 kg	0,023 CO ₂ e/kg	0,008 tonn CO ₂
Avfallsmengder - Glass- og metallemballasje	4 745 kg	0,031 CO ₂ e/kg	0,147 tonn CO ₂
Avfallsmengder - Metall (ikkje embalasje)	5 142 kg	0,015 CO ₂ e/kg	0,159 tonn CO ₂
Avfallsmengder - Organisk avfall (matavfall med mer)	6 000 kg	0,015 CO ₂ e/kg	0,09 tonn CO ₂
Avfallsmengder - Papir, papp og kartong	15 505 kg	0,061 CO ₂ e/kg	0,946 tonn CO ₂
Avfallsmengder - Plast	2 170 kg	0,05 CO ₂ e/kg	0,109 tonn CO ₂
Avfallsmengder - Restavfall	38 722 kg	0,016 CO ₂ e/kg	0,608 tonn CO ₂
Avfallsmengder - Treavfall	13 490 kg	0,02 CO ₂ e/kg	0,27 tonn CO ₂
Produksjonsutslepp frå diesel	20 liter	0,624 CO ₂ e/kg	0,012 tonn CO ₂
Produksjonsutslepp og overføringstap frå elektrisitet	1 963 637,4 kWh	0,011 kg CO ₂ e/kWh	35,345 tonn CO ₂
Produksjonsutslepp og overføringstap frå fjernvarme	911,45 kWh	0,011 kg CO ₂ e/kWh	0,01 tonn CO ₂
Tjenestereiser - Flyreiser, Europa (rapportere i antall reiser)	119 tal reiser (ein veg)	185 kg CO ₂ e/reiser	22,015 tonn CO ₂
Tjenestereiser - Flyreiser, Norden (rapportere i antall reiser)	199 tal reiser (ein veg)	104 kg CO ₂ e/kWh	20, 696 tonn CO ₂
Tjenestereiser - Flyreiser, Verden (rapportere i antall reiser)	1 tal reiser (ein veg)	402 kg CO ₂ e/reiser	0,402 tonn CO ₂
SUM OMRÅDE 3			81.02 TONN CO₂
TOTALT KLIMAGASSUTSLEPP FRÅ SCOPE 1, 2 OG 3 (UTAN BIOGENT CO₂)			104,733 TONN CO₂e
UTSLEPP AV BIOGENT CO₂			9,978 TONN CO₂

Premierar & repertoar

Magic mouse vs. Capitalism.
Foto: Ole Herman Andersen



Da vi var yngre. Foto: Monica Tormassy




Prosessen mot menneske.
Foto: Ole Herman Andersen



Lady Macbeth. Foto: Monica Tormassy





LADY MACBETH

Premiere 18. januar 2025 på Hovudscenen
Fritt etter forteljinga Lady Macbeth fra Mtensk av Nikolaj Leskov **Dramatisering** Melanie Mederlind **Omsetjing** Ingrid Weme Nilsen **Regissør** Melanie Mederlind **Scenograf, video- og lysdesignar** Jens Sethzman **Kostymedesignar** Alva Walderhaug Brosten **Lyddesignar** Bjørnar Høpland **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Omsetjing, utdrag frå Lady Macbeth på engelsk** Robert Chandler **Omsetjing, utdrag frå Shakespeare** Edvard Hoem **Med** Julie Moe Sandø, Iselin Shumba, Leo Magnus de la Nuez, Kyrre Hellum, Svein Roger Karlsen, Asta Busingye Lydersen, Øyvin Berven **Barnestatistar** Ida Merete Telila Hansen, Theo Milian Lorentzen **Statistar** Erik Braatnes og Andreas Vedvik **Dyrestatist** Ken



FORBRYTAR OG STRAFF

Urpremiere 7. februar 2025 på Scene 2
Av Kathrine Nedrejord **Omarbeiding for scenen** Tora von Platen og Julia Marko-Nord **Til nynorsk ved** Inger Johanne Sæterbakk **Regissør** Julia Marko-Nord **Scenograf og kostymedesignar** Sven Haraldsson **Komponistar** Sara Parkman og Hampus Norén **Lyddesignar** Anton Sundell **Lysdesignar** Per Willy Liholm **Dramaturg** Tora von Platen **Med** Kirsti Refseth



ONCE

Noregspremiere 1. februar 2025 på Scene 2
Manus Enda Walsh **Musikk og songtekstar** Glen Hansard & Markéta Irglová **Basert på filmen skriven og regissert av** John Carney **Framført etter avtale med Music Theatre International** **Omsetjing** Frida Ånnevik **Regissør og koreograf** Jakob Høglund **Scenograf og kostymedesignar** Sven Haraldsson **Lysdesignar** Gyril Høgberg **Musikkansvarleg** Eeva Kontu & Riku Vartiainen/ MD Company Oy Ltd. **Musikalsk innstudering** Ståle Sletner **Dramaturg** Siri Løkholm Ramberg **Med** Kim Helge Strømmen, Ina Svenningdal, Lasse Kolsrud, Joachim Rafaelsen, Ingrid J. Dragland, Oddgeir Thune, Andreas V. Andersen, Ingrid M. Mæland, Ingrid B. Mehus, Siri Snortheim, Jon Werede Hope, Thea Advocaat og Heidi M. Rolseth-Stella **Once blei opphavleg produsert på Broadway av** Barbra Broccoli, John N. Hart Jr., Patrick Milling Smith, Frederick Zollo, Brian Carmody, Michael G. Wilson, Orin Wolf, The Schubert Organization, Robert Cole - utøvande produsent **I samarbeid med** New York Theatre Workshop **Opphavleg produsert Off-Broadway ved New York Theatre Workshop i desember 2011** Jim Nicola, kunstnarleg leiar. William Russo, administrerande direktør **Once blei opphavleg utvikla ved American Repertory Theatre, Cambridge, Massachusetts, i april 2011** Diane Paulus, kunstnarleg leiar. Diane Borger, produsent



DA VI VAR YNGRE

Urpremiere 28. februar 2025 på Hovudscenen
Av Oliver Lovrenski **Regissør** Aksel Hennie **Dramatisering** Aksel Hennie **Scenograf og kostymedesignar** Dagny Drage Kleiva **Lysdesignar** Reidar A. Richardsen **Lyddesignar** Morten A. Jorsett **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Med** Jonas Benyoub, Astin Souleymane og Randin Kummeneje



EUROPAVISJONAR

Urpremiere 1. mars 2025 på Hovudscenen

av Simen Formo Hay, Johan Hveem Maurud og Oda Radoor
Songane er skrivne i originaltekst på nynorsk ved Simen Formo Hay, Johan Hveem Maurud og Oda Radoor **Manus til nynorsk ved** Inger Johanne Sæterbakk **Regissør** Simen Formo Hay **Medregissør** Johan Hveem Maurud **Dramaturg** Oda Radoor **Musikkansvarleg** Benjamin Giørtz **Scenograf og lysdesignar** Oscar Udbye **Kostymedesignar** Cårejånni Enderud **Koreograf** Simen Gloppen **Videodesignar** Thomas Gallagher **Tekstdramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Med** Kaia Varjord, Hilde Olausson, Amell Basic, Tord Kinge, Heidi Gjermundsen Broch, Jae Nyamburah, Hallvard Holmen, Ingeborg Sundrehagen Raustøl, Natalie Bjerke Roland, Jon Bleiklie Devik, Rafid Arsalan Islam, Morten Svartveit, Ellen Birgitte Winther, Gina Bernhoft Gørvell, Carl Martin Eggesbø, Pål Christian Eggen, Iben Alida Carlsen, Johan Hveem Maurud, Ina Svenningdal, Frode Winther, Leo Magnus de la Nuez **Musikarar** Benjamin Giørtz, Henrik Lillehaug, Markus Eide Anskau, Jon Fosmark Mads, Magnus Beckmann Hansen, Øyvind Kløve Kjernlie, Bjarte Sæle, Silje Frøystadvåg Skovdahl



PROSESSEN MOT MENNESKA

Urpremiere 29. mars 2025 på Scene 2

Eit konsept av Perez/Hasmo **Tekstar av mellom andre** Ensemblet, Atle Ottesen Søvik, Anders Hasmo, Peer Perez **Øian Regissør** Peer Perez **Øian Dramaturg** Anders Hasmo **Omsetjing til nynorsk** Inger Johanne Sæterbakk **Videodesignar** Eilif Fjeld **Komponist** Sandra Kolstad **KI teknolog og idéutviklar** Pål Mørk Hansen **Scenograf og kostyme** Unni Walstad **Lysdesignar** Per Willy Liholm **KI ingeniør** Martin Pukstad **Dramaturgpraktikant** Helene Bergo Mund **Ekspertgruppe** Pål Mørk Hansen, Atle Ottesen Søvik, Ishita Barua, Sigrid Brattlie, Vidar Strømme, Cathrine Grøndahl **Med** Marianne Krogh, Ane Dahl Torp, Joachim Rafaelsen, Mohammed Aden Ali Ellen Birgitte Wither og Frode Winther **Stemme** Ola E. Bø



PSYCHIC

Urpremiere 27. mars 2025 på Scene 3

Konsept og manus Tani Dibasey & ONLY SLIME (Claudia Cox & Tobi Pfeil) **Koreografi og tekst** Utvikla i samarbeid med ensemblet **Regissørar** Tani Dibasey & ONLY SLIME (Claudia Cox & Tobi Pfeil) **Videodesignarar** Tani Dibasey & ONLY SLIME **Lyddesignar og komponist** ONLY SLIME Lys ONLY SLIME & Maximilian Rothe **Scenografi** Claudia Cox, Mari Lysgaard, Maximilian Rothe **Stylistar** Paolo Hansen Pontecorvo, Frida Sulistiono, Claudia Cox **Dramaturgpraktikant, Kunsthøgskolen i Oslo og Universitét Paris Nanterre** Timothée Neie **Med** Taume P. Dery, Bridget Dery, Claudia Cox, Tobi Pfeil, Mariama F. Kalley Slåttøy, Tani Dibasey, Amalie S. Schanke, Malik Edo og Tord Kinge



IKKJE EIN LYD

Urpremiere 6. april 2025 på Hovudscenen

Av Arne Lygre **Regissør** Johannes Holmen Dahl **Scenograf og kostymedesignar** Nia Damerell **Komponist og lyddesignar** Alif Lund Godbolt **Lysdesignar** Martin Myrvold **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Regiassistentar** Josefine Kiara Astrup og Lene Nilsen Viken **Med** Thea Lambrechts Vaulen, Preben Hodneland, Vette Bergan, Sara Khorami, Leo Magnus de la Nuez, Marie Blokhuis og Kyrre Hellum



UNNI OG GUNNI MÅLAR

Urpremiere 3. mai 2025 i Foajeen ved Scene 2
av Anna R. Folkestad **Regissørar** Julie Moe Sandø og Ina Svenningdal **Scenograf og kostymedesignar** Unni Walstad
Med Julie Moe Sandø, Ina Svenningdal og Hilde Olausson



FIGHT!

Urpremiere 7. mai 2025 på Scene 3
Konsept, manus, koreografi Scene 3 **Videodesignar** Tani Dibasey **Speldesign** ONLY SLIME **Animasjon og effektar** Malik Lund Edo, Mona Huang **Illustrasjonar og teikna animasjonar** Mona Huang **Komponist** Elias Tafjord **Lyddesignar** Tobi Pfeil **Scenografi** Claudia Cox og ensemblet **Stylistar** Paolo Hansen Pontecorvo, Frida Sulistiono, Claudia Cox **Grafisk designar** Tani Dibasey **Produsent av visuelt innhald** Ulv Eyjolfsson **Dramaturgpraktikant, Kunsthøgskolen i Oslo og Universitét Paris Nanterre** Timothée Neie **Med** Mona Huang, Amalie Sasha Schanke, Mariama Slåttøy, Ane Dahl Torp, Mohammed Aden Ali, Taume Dery, Tord Kinge, Oddgeir Thune, Tani Dibasey, Tobi Pfeil og Claudia Cox



ARV OG MILJØ


Opphavleg premiere ved Den Nationale Scene i Bergen 20. november 2018. Nypremiere 3. mai 2025 på Hovudscenen

Av Vigdis Hjorth **Dramatisering** Kjersti Horn og Kristian Lykkeslet Strømskag **Regissør** Kjersti Horn **Scenograf og kostymedesigner** Sven Haraldsson **Komponist og lyddesignar** Erik Hedin **Videoregissør** Mads Sjøgård Pettersen **Lysdesignar** Arne Kambestad **Dramaturg** Åste Marie Bjerke **Omsetjing til nynorsk** Brit Bildøen **Med** Kjersti Elvik, Lasse Kolsrud, Anne Marit Jacobsen, Ingrid Jørgensen Dragland, Hallvard Holmen, Natalie Bjerke Roland, Ellen Birgitte Winther, Gard Skagestad, Iselin Shumba, Carl Martin Eggesbø, Kjersti Dalseide, Kirsti Refseth, Taume P. Dery og Ivarna McPartland
Eit samarbeid med Den Nationale Scene i Bergen.



SCENE 3 GJER EIN DOKKEHEIM

Premiere 14. juni 2025 på teatersjefens kontor
Med Tani Dibasey, Tobi Pfeil, Claudia Cox, Amalie Sasha Schanke, Mona Huang



HOW TO MAKE LOVE

Urpremiere 23. juni 2025 i Foajeen ved Scene 2
Regissør Tani Dibasey **Med** Mohammed Aden Ali, Tani Dibasey, Theo Mekonnen Myking **Musikar** Jon Fosmark



VINTER

Premiere 5. september 2025 på Hovudscenen
av Jon Fosse **Regissør** Lisaboa Houbrechts **Komponistar** Bert Cools og Stijn Cools **Scenograf** Clémence Bezat
Kostymedesignar Oumar Dicko **Lysdesignar** Floriaan Ganzevoort **Dramaturg** Siri Løkholm Ramberg **Med** Tani Dibasey, Kyrre Hellum, Carl Martin Eggesbø **Statistar** Nelson Mendez, John Hagen, Aksel Hørnes, Frode Westvang, Olav Holmberg Wike, Jonathan Grønnerød, Christopher Jonatan Røine



SKODESPELET

Urpremiere 6. september 2025 på Scene 2
Av Jon Fosse **Regissør og lysdesignar** Johannes Holmen Dahl **Scenograf** Nia Damerell **Komponist og lyddesignar** Alf Lund Godbolt **Lysdesignassistente** Gyril Høgberg **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Med** Mohammed Aden Ali, Marianne Krogh, Thea Lambrechts Vaulen, Jon Bleiklie Devik, Sigrid Kandal Husjord, Kenneth Homstad og Gina Bernhoft Gørvell
Musikar Madalena Moreira Rato



ORD FOR BLOD

Urpremiere 7. september 2025 på Riksteatret
av Faysa Idle, Daniel Fridell og Theodor Lundgren
Dramatisering Seluah Alsaati **Omsetjing til nynorsk ved** Ingelin Røssland **Regissør** Affe Ashkar **Scenograf og kostymedesignar** Jasmina Asplund Blanco **Lys- og videodesignar** Anders Ekman **Komponist og lyddesignar** Simon Wimmer **Dramaturg** Marie Persson Hedenius
Kunstnarlege rådgjevarar Castro og Emnet Kebreab
Språkkonsulent Inger Johanne Sæterbakk **Regiassistent** Embla Hane **Med** Nokokure Dahl, Hibba Najeeb, Ken-Philippe Tete og Serhat Yildirim
Ein samproduksjon med Riksteatret



DRAGONBLOOD

Urpremiere 13. september 2025 på Scene 3

Av ONLY SLIME Manus er utarbeidd i samarbeid med Ensemblet **Musikk, kostyme, manus, scenografi, video design og regi** ONLY SLIME (Tobi Pfeil og Claudia Cox)

Dramaturg Timothee Neie **Scenografiassistent** Nicoline Ording Muller **Med** Julie Moe Sandø, Tord Kinge, Johan Hveem Maurud, Jae Nyamburah, Ellen Birgitte Winther, Frode Winther, Marie Blokhuis, Hallvard Holmen, Claudia Cox og Tobi Pfeil **Stemme** Inger Johanne Sæterbakk



SUKKER

Urpremiere 10. oktober 2025 på Scene 2

av Linda Gathu **Regissør** Linda Gathu **Scenograf og kostymedesignar** Eli Mai Huang Nesse **Lysdesignar** Randiane Sandboe **Komponist og lyddesignar** Emily Adomah **Kunstnarleg sparringspartner og koordinator** Ingrid Askvik **Koreografisk assistanse** Mariama Fatou Kalley Slåttøy **Dramaturg** Siri Lækholm Ramberg **Med** Ameli Isungset Aggbota, Gjertrud Jynge, Natalie Bjerke Roland, Lasse Kolsrud, Khalid Mahamoud og Iselin Shumba



DEN UENDELEGE HISTORIA

Premiere 18. oktober 2025 på Hovudscenen

Av Michael Ende **Dramatisering** John von Düffel **Omsetjing** Runa Kvalsund **Regissør** Peer Arne Perez Øian **Scenograf** Arne Nøst **Kostymedesignar** Bianca Deigner **Komponist og lyddesignar** Sol Heilo **Videodesignar** Åsmund Bøe **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Koreograf** Kristin Ryg Helgebostad **Dramaturg** Anders Hasmo **Med** Ina Svenningdal, Francisco Kalle Navarro, Gard Skagestad, Rafid Arsalan Islam, Iben Alida Carlsen, Joachim Rafaelsen, Geir Kvarme, Mona Huang, Ingrid Jørgensen Dragland, Johan Hveem Maurud **Statistar** Erik Hove Holtet, Finn Arne Ottesen, Oda Ruud og Amalie Sunde



FORANDRE SEG: METODE

Urpremiere 18. oktober 2025 på Scene 2

Av Édouard Louis **Manus til nynorsk ved** Ingrid Haugen **Omarbeiding til numedalsdialekt** Vette Bergan **Dramatisering** Kjersti Horn og Vette Bergan **Regissør** Kjersti Horn **Scenograf** Sven Haraldsson **Videoinstruktør** Borgar Skjelstad **Lysdesignar** Per Willy Liholm **Lyddesignar og komponist** Erik Hedin **Med** Vette Bergan **Statist** Svea Theliin



MAGIC MOUSE VS CAPITALISM

Urpremiere 5. november 2025 på Scene 3

Regi og manus Tani Dibasey **Komponist** Jon Fosmark

Omsetjing til nynorsk Inger Johanne Sæterbakk

Videodesign og scenografi Io Sivertsen **Lysdesign** Simon

Mørland **Kunstoffilm av** Io Sivertsen **Reklamefilm av** Ulfur Eyjolfsson **Grafisk innhald** Tani Dibasey **Regiassistentar** Malik Edo og Ådne Vold Morset **Med** Mohammed Aden Ali, Ameli Isungset Agbota, Linn Skåber, Tani Dibasey, Mariama Slåttøy, Natalie Bjerke Roland, Øyvinn Berven, Khalid Mahamoud, Amalie Sasha Schanke, Malik Edo, Taume P. Dery, Maria Wiik, Ådne Vold Morset, Kacper Tratkowski, Io Sivertsen, Simon Mørland, Ulfur Eyjolfsson og Jon Fosmark

Musikar Jon Fosmark



JULEORATORIET

Premiere 22. november 2025 på Hovudscenen

Av Göran Tunström **Regissør** Johannes Holmen Dahl

Etter eit konsept av Eirik Stubø **Omsetjing** Kristin

Sørsdal **Scenograf og kostymedesignar** Erlend

Birkeland **Komponist** Jørn Øien **Lysdesignar** Ellen Ruge

Videodesignarar Emi Stahl og Annie Tådne **Dramaturg** Siri

Løkholm Ramberg **Med** Julie Moe Sandø, Morten Svartveit,

Oddgeir Thune, Kaia Vårjord, Kyrre Hellum, Ingeborg

Sundrehagen Raustøl, Tord Kinge, Marie Blokhuis, Svein

Roger Karlsen, Kim Helge Strømmen, Øyvinn Berven og

Marianne Krogh, Jae Nyamburah og Gjertrud Louise Jynge

Musikar Jørn Øien



LES MISÉRABLES

Premiere på Betty Nansen Teatret i Danmark 26. mars 2025

Oslopremiere 13. november 2025 på Scene 2

Basert på romanen av Victor Hugo **Omsetjing** Ingrid

Haugen **Dramatiseing** Kjersti Horn og Kristian Lykkeslet

Strømskag **Regissør** Kjersti Horn **Scenograf og**

kostymedesignar Sven Haraldsson **Videoinstruktør**

Borgar Skjelstad **Komponist og lyddesignar** Erik Hedin

Lysdesignar Christian Alkjær **Dramaturg** Ingrid Weme

Nilsen og Tom Silkeberg (Betty Nansen Teatret) **Med** Emil

Johnsen, Glenn André Kaada, Sigrid Kandal Husjord, Kjersti

Dalseide, Francisco Kalle Navarro og Frank Kjosås

Produsert i samarbeid med Betty Nansen Teatret i Danmark



JULEROSER

Premiere 7. desember 2025 på Hovudscenen

av Herborg Kråkevik **Regissør** Catrine Telle **Scenograf og**

kostymedesignar Unni Walstad **Musikalsk ansvarleg** Svenn

Erik Kristoffersen **Lysansvarleg** Gyril Høgberg **Illustrasjonar**

frå *Juleroser* **Med** Herborg Kråkevik, Frida Annevik, Solveig

Kloppen, Ina Svenningdal, Kim Helge Strømmen, Johan

Hveem Maurud **Band** Svenn Erik Kristoffersen, Erlend

Dahlen, Sophia Hugo Cabo, Marius Reksjø og Katrine

Pedersen

Eit samarbeid med Samlaget.



HAUGTUSSA

Premiere 14. november 2013 på Scene 3


Av Arne Garborg **Omarbeidd** Ane Dahl Torp **Regi** Ane Dahl Torp og Erik Ulfsby **Musikk** Sjur Miljeteig **Med** Ane Dahl Torp



HEIL VED

Urpremiere 12. november 2023 på Hovudscenen

Basert på boka til Lars Mytting **Med musikk av** Stein Torleif Bjella **Regissør** Erik Ulfsby **Komponist** Stein Torleif Bjella **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Scenografar** Erik Ulfsby og Torkel Skjærven **Lyddesignar** Bjørnar Hopland **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Med** Pål Christian Eggen, Frode Winther, Jon Bleiklie Devik, Stein Torleif Bjella og Oddgeir Thune



EINKVAN

Urpremiere 12. januar 2024 Scene 2

Av Jon Fosse **Regissør** Kjersti Horn **Scenograf og kostymedesignar** Sven Haraldsson **Videoregissør** Mads Sjøgård Pettersen **Lysdesignar** Oscar Udbye **Komponist og lyddesignar** Erik Hedin **Dramaturg** Anna Albrigtsen **Regiassistentar** Michaela Vyskocil Gettwert og Borgar Skjelstad **Scenografiassistent** Eli Mai Nesse **Med** Preben Hodneland, Vette Bergan, Marianne Krogh, Jon Bleiklie Devik, Per Schaanning og Hilde Olausson



JENTE, 1983

Urpremiere 6. september 2024 på Scene 2

av Linn Ullmann **Dramatisering** Luk Perceval **Til nynorsk ved** Brit Bildøen **Regissør** Luk Perceval **Scenograf** Philip Bussmann **Kostymedesignar** Ilse Vandenbussche **Lysdesignar** Mark Van Denesse **Komponist** Sandra Kolstad **Videoteknikar** Nikolai Bergstrøm **Lyddesignar** Alf Vaksdal **Dramaturg** Siri Løkholm Ramberg **Med** Gjertrud Jynge og Gina Bernhoft Gørvell



SNØSØSTERA

Urpremiere 22. oktober 2022 på Hovudscenen

Nypremiere 12. oktober 2024

av Maja Lunde og Lisa Aisato **Dramatisering** Maja Lunde **Regissør** Alan Lucien Øyen **Scenograf** Åsmund Færavaag **Komponist og musikkansvarleg** Henrik Skram **Kostyme- og maskedesigner** Stine Sjøgren **Videodesigner** Martin Flack **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Lyddesignar** Gunnar Innvær **Rulleskøyteinstruktør** Louisa Warwin **Dramaturg og regiassistent** Anders Hasmo **Regiassistent** Andrew Wale **Tekst og melodi** **Når alle andre sansar kan få kvile, Snøsong og Godnattsong** Odd Nordstoga **Med** Gina Bernhoft Gørvell, Vette Bergan, Per Schanning, Svein Roger Karlsen, Mathias Augestad Ambjør, Mona Huang, Ellen Birgitte Winther, Ane Dahl Torp, Kyrre Hellum, Oddgeir Thune, , Joakim H. Ousdal **Statistar** Helene Bjerke Svindal, Vilde Sundfør Johannessen, Børge Løkke Knudsen, Eirik Ingebricson, Mathias Rusvik, Jonas Hestvik Dahl, Hege Aker-Iversen, Marius Beron Noreger, Fredrik Bjerkan, Yngvar Kollstrøm, Hans Petter Ilstad og Kaspar Buss

I samarbeid med Kilden teater og konserthus



JAZZ PÅ NYNORSK

Urpremiere 24. oktober 2024 på Scene 2 og Hovudscenen

Regissør Eirik Stubø **Dramaturg** Siri Løkholt Ramberg

Med Gjertrud Jynge, Ingeborg Sundrehagen Raustøl, Ingrid Jørgensen Dragland, Lasse Kolsrud, Morten Svartveit og Sarakka Gaup **Musikarar** Håvard Stubø, Erik Nylander, David Wallumrød, Edvard Synnes, Sander Nordahl, Olaf Olsen, Andreas Bye og Jørn Øien

Gjestespel

GJESTESPEL PÅ SCENE 3

UNLIMITED VOID

23. januar 2025 på Scene 3

Gjestespel frå Tani Dibasey og Only Slime

AFTERLIFE

15. februar 2025 på Scene 3

Gjestespel frå Only Slime

DIAMOND PLANET

25. februar 2025 på Scene 3

Gjestespel frå Tani Dibasey

PARTY MODE: KANSKJE STANDUP MED TAUME

1. mars 2025 på Scene 3

Gjestespel

SAYKOLUHJEE

5. mars 2025 på Scene 3

Gjestespel frå Tani Dibasey

PARTY MODE MED RAMY ESSAM: SONGS OF LIBERATION

6. mars 2025 på Scene 3

Gjestespel

PARTY MODE MED SIGURD OG ANDERS ER FANGA / MARKVEIEN DRUEKLUBB / DANCE THERAPY

7. mars 2025 på Scene 3

Gjestespel

A TASTE OF AFRICA MED BRIDGET DERY

2. mai 2025 på Scene 3

Gjestespel

ONE PIECE CHANGED MY LIFE MED MANKIRAT SINGH OG ALEKSANDER HOLMEN

13. mai 2025 på Scene 3

Gjestespel

MARTIN MARKI – EIN TØYSARGUT LAGAR FRAMSYNING MED MARTIN, TAUME, MOHAMED & VENNER

14. mai 2025 på Scene 3

Gjestespel

TRADING CARD GAME TOURNAMENT

15. mai 2025 på Scene 3

Gjestespel

THE IRON FIST CLUB

16. mai 2025 på Scene 3

Gjestespel

OSLO VANKER

28. mai 2025 på Scene 3

Gjestespel

PARAGLIDING DRAGON

25. september 2025 på Scene 3

Gjestespel frå The Scorpios. Riksscenen var med-produsent

TRADING CARD GAME TOURNAMENT GRAND FINALS

18. oktober 2025 på Scene 3

Gjestespel

DEI SOM IKKJE FINST

9. desember 2025 på Scene 3

Gjestespel frå Julian Blaue

ANDRE GJESTESPEL

JORDMOR PÅ JORDA

23. januar 2025 på Hovudscenen

Gjestespel frå Teatret vårt i Molde

VENNSKAPSKUNST

8. mars 2025 på Scene 2

Gjestespel frå Torbjørn B. Eriksen og Nina Ellen Ødegård

DEN BORTKOMNE FADEREN

13. mars på Scene 3

Gjestespel frå Torbjørn Eriksen

ÅRETS REVY 2025

24. april 2025 på Hovudscenen

Gjestespel

DUS-FESTIVALEN

22. – 24. mai 2025 på Scene 2 og Scene 3
18 gjesteframsyningar frå ulike barne- og ungdomsteater.

GJESTESPEL HEDDADAGANE

GU DENES VOKTERE

10. juni 2025 på Scene 2
Gjestespel frå Unge Viken Teater

HONNINGTUNGER

11. juni 2025 på Scene 2
Gjestespel frå Nordland Teater

IN SEARCH OF DEMOCRAZY 3.0

11. juni 2025 på Midtgolvet
Gjestespel frå Østfold Internasjonale Teater

MY BODY MY HOME

12. juni 2025 på Hovudscenen
Gjestespel frå 71 Bodies og DansiT - Koreografisk senter.

LILLI VALENTIN

13. juni 2025 på Scene 2
Gjestespel frå Teater Ibsen

GJESTESPEL DEN INTERNASJONALE FOSSEFESTIVALEN

QUI A TUÉ MON PÈRE

7. september 2025 på Hovudscenen
Gjestespel frå Schaubühne, Berlin

SÅ VAR DET

7. september 2025 på Scene 2
Gjestespel frå Etienne Glaser

FEMTI-FEMTI

11. september 2025 på Midtgolvet
Gjestespel frå Det Andre Teatret

DER NAME

12. september 2025 på Hovudscenen
Gjestespel frå Schauspiel Köln

ANTIGONE IN DE AMAZON

13. september 2025 på Scene 2
Gjestespel frå Milo Rau / MST & NtGent

VISINGAR

Rebell

11. april og 11. desember 2025 på Rommen Scene
Verkstadvising, Det Norske Teatret i Groruddalen

ANDRE ARRANGEMENT

Cosmic Disco Train

12. april 2025 på Parkteatret
Parkteatet, Scene3 og Markveien Drueklubb

Dragonblood med Team Rolfes 321 Rule, Kevin Peter He & DJ Trick (US)

16. september 2025 på Scene 3

Dragonblood med Yohan - Music of the Mind

18. september 2025 på Scene 3

Dragon concert only edition: Dragongirl, Neko3 & Only Slime

19. september 2025 på Scene 3

Dragonblood med Frida Marida Show

20. september 2025 på Scene 3

Dragonblood feat. The Scorpios

20. september 2025 på Scene 3

Cursed

6. og 7. oktober på Ingensteds, Brenneriveien 9
av Tani Dibasey
Kunstnarleg lag Tani Dibasey, Io Sivertsen, Ulv Kjalar Eyjolfsson, Jon Fosmark, Simon Mørland
Med Linn Skåber, Mohammed Aden Ali, Flo Fagerli, Taume Dery

Queendom! Integrert som faen 20 år etter

11. oktober 2025 i Bikuben
Med Queendom, i samarbeid med Black History Month Norway

Alternativ julespesial med Magic Mouse

13. desember 2025 på Ingensteds, Brenneriveien 9
Tani Dibasey mfl.

Scene3 Awards

19. desember 2025 på Ingensteds, Brenneriveien 9
Tani Dibasey mfl.

Innsikt

I løpet av 2025 hadde Det Norske Teatret flere gratis introduksjoner, foredrag og samtaler knytt til repertoaret og aktuelle hendinger. Fleire av disse var i samarbeid med andre organisasjoner og institusjoner.

Praktisk innsikt: Heil ved

Med John-Olaf Bogerud frå STIHL
Dato: 7. januar og 3. desember, i Bikuben

Premieresamtale: Lady Macbeth

Med Melanie Mederlind, Kjersti Horn og Ingrid Weme Nilsen.
Dato: 18. januar, på Midtgolvet

Oslopremiere-samtale: Jordmor på jorda

Med Edvard Hoem og Kristian Lykkeslet Strømskag
Dato: 23. januar, på Midtgolvet

Premieresamtale: Forbrytar og straff

Med Kathrine Nedrejord og Siri Løkholm Ramberg
Dato: 23. januar, i Foajébaren

Premieresamtale: Ikkje ein lyd

Med Arne Lygre, Johannes Holmen Dahl og Ingrid Weme Nilsen.
Dato: 6. april, på Midtgolvet

Samtale: Ikkje ein lyd

Med Arne Lygre og Ingrid Weme Nilsen
Dato: 23. og 29. april, i Bikuben

Yngda-innsikt: Europavisjonar

Med Simen Formo Hay og Johan Hveem Maurud
Dato: 30. april, på Midtgolvet

Samtale: Arv og miljø

Vigdís Hjorth og Astrid Versto, i samarbeid med Venner av Det Norske Teatret
Dato: 6. mai, på Midtgolvet

Artist Talk: Dragonblood

Med Team Rolfes
Dato: 15. september, på Scene 3

Samtale: Skodespelet

Med Valgjerd Svarstad Haugland og Astrid Versto. I samarbeid med Venner av Det Norske Teatret.
Dato: 16. september, på Midtgolvet

Kunstnersamtale med Only Slime og McKenzie Ward

Dato: 13. november, i Foajébaren

Introduksjon: Les Misérables

Med Kjersti Horn. I samarbeid med Venner av Det Norske Teatret
Dato: 18. november, på Midtgolvet

Samtale: Sukker, «Mangfaldsalibi og eksotifisering»

Med Rafiki og Mwauke Bana Bempe wa Tshiyoyo Mufoncol. I samarbeid med ASSATA.
Dato: 26. november, i Formidlingsrommet

Samtale: Juleoratoriet

Med Johannes Holmen Dahl og Astrid Versto. I samarbeid med Venner av Det Norske Teatret.
Dato: 4. desember, på Midtgolvet

Introduksjon: Haugtussa

Med André Finnøy Brunvoll. I samarbeid med Asker Museum
Dato: 11. desember, i Formidlingsrommet

Vi må snakke om KI

I samband med framsyninga Prosessen mot menneska blei det arrangert ei foredragsrekke om kunstig intelligens i samarbeid med NetNordic.

Kva er KI, og kor er KI no?

Med Pål Mørk Hansen
Dato: 1. april, i Formidlingsrommet

Bør vi frykte KI?

Med Atle Ottesen Søvik
Dato: 2. april, i Formidlingsrommet

KI og yringsfridom

Med Vidar Strømme
Dato: 3. april, i Formidlingsrommet

KI og medisin

Med Ishita Barua
Dato: 4. april, i Formidlingsrommet

Oslo Pride

Under Oslo Pride blei det arrangert fleire samtalar og arrangement på teateret i samarbeid med Oslo Pride.

Opning av Oslo Pride på Det Norske Teatret

Opningstale ved Kjersti Horn. Minikonsert av Oslo Strykekvartett. Samtale med Liv Hilde Klokk, Knut Langeland, Stian Grastveit, Geir Kvarme og Erik Aasheim. Arrangert av Oslo Pride, familien til Bjørn O.K. Langeland og Det Norske Teatret
Dato: 23. juni, på Midtgolvet

Skeive flyktningars veg mot integrering og likeverd

Arrangement av Oslo kommune og Oslo Pride.
Dato: 24. juni, på Midtgolvet

Skeiv valdebatt – om skeive sine liv og rettar

I samarbeid med FRI, Skeiv Verden, Skeiv Ungdom, PKI og Skeive Funkiser.
Dato: 24. juni, på Midtgolvet

Intimkonsert med Jeremy Dutcher

I samarbeid med den canadiske ambassaden, Oslo Pride og Det Norske Teatret.
Dato: 24. juni, i Bikuben

Fossefestivalen

Under Den internasjonale Fossefestivalen (DIFF) blei det arrangert fleire samtalar og introduksjonar i samarbeid med Det Norske Samlaget.

Lansering Vaim

Dato: 5. september, i Bikuben

Offisiell opning av Den internasjonale Fossefestivalen 2025

Med m.a. Lubna Jaffery, Édouard Louis
Dato 5. september, på Midtgolvet

Samtale: Å omsetje Fosse

Med Astri Ghosh, Éva Dobos, Margherita Podestà Heir, Sherin A. Wahab og Siri Løkholt Ramberg.
Dato: 6. september, i Bikuben

Premieresamtale: Skodespelet, «Directing Fosse»

Med Johannes Holmen Dahl, Lisaboa Houbrechts og Kjersti Horn.
Dato: 3. september, i Foajébaren

Miniforedrag: Min Fosse-favoritt

Med Brynjulf Jung Tjønn, Siss Vik og Vigdis Hjorth.
Dato: 7. september, i Bikuben

Grottevandring

Med Ingvild Bræin
Dato: 7. september, i Grotten

Samtale på scenekanten: Så var det/Slik var det

Med Etienne Glaser og Carl Martin Eggesbø.
Dato: 7. september, på Scene 3

Foredrag: «A sociological perspective on theatre»

Med Thomas Ostermeier
Dato: 8. september, i Bikuben

Nynorsk inspirasjonsdag

Eit samarbeid mellom Bærum Mållag, Fylkesmållaget Vikværingen, Noregs Lærarmållag og Oslo mållag og Det Norske Teatret
Dato: 9. september, i Bikuben

Frukostsamtale

Med Athena Farrokhzad og Ingrid Weme Nilsen
Dato: 10. september, Bikuben

Lesesirkel Naustet

Med Erlend Loe, Olaug Nilssen og Bernhard Ellefsen.
Dato 10. september, på Scene 2

Sider - smaken av Hardanger

Med Thomas Digervold
Dato: 11. september, i Bikuben

Lesesirkel Morgon og kveld

Med Sophie Elise Isachsen, Agnes Ravatn og Astrid Dypvik.
Dato 12. september, på Hovudscenen

Oslopremiere-samtale: Der name

Med Kay Voges og Runar Hødne
Dato: 12. september, i Bikuben

Møt elevane ved forfattarskulen

Dato: 13. september, i Bikuben

Lesesirkel Trilogien

Med Helena Brodtkorb, Bjørn Hatterud og Ida Lødemel Tvedt.
Dato: 13. september i Bikuben

Workshop med Milo Rau

Med Milo Rau
Dato: 13. september, i Bikuben

Samtale: «On the art of resistance»

Med Milo Rau og Siri Løkholm Ramberg
Dato: 13. september, i Bikuben

Leselaget: Les Misérables

Podkasten Leselaget hadde direkteinnspelingar i forkant av framsyninga *Les Misérables*.

Les Misérables: Tema Forvandling

Med Ghulam Abbas og Ingrid Weme Nilsen
Dato: 20. november og 12. desember, i Bikuben

Les Misérables: Tema Fattigdom

Med Anna-Sabina Soggiu og Ingrid Weme Nilsen.
Dato: 21. november, i Bikuben

Les Misérables: Tema Forsoning

Med Kari Veiteberg og Ingrid Weme Nilsen.
Dato: 17. desember, i Bikuben

Utstilling

Det har vore fleire utstillingar i lokala på Det Norske Teatret.

Utstilling under Oslo Pride

Med verk av kunstnar Bjørn O.K. Langeland.
23.-25. juni, i foajeen

Dragen x Mathea tegner

30. mai – 11. juni på Scene 3

Hundemanuskripta

Verk av Aktivitetsskolen ved Møllergata skole, i samarbeid med Hordalaget, Hardinglaget, Den mangfaldige scenen og Oslo mållag
5. – 13. september, i foajeen

Podkast

I løpet av 2025 produserte og publiserte Det Norske Teatret episodar til tre ulike podkastar.

Språkoppdraget

Språkoppdraget er Det Norske Teatret sin podkast om språk. Programleiarar er Inger Johanne Sæterbakk og Erlend Tårnesvik Dreiås. Produsent er Ole Herman Andersen. Desse episodane blei publisert i 2025.

«Jakob Höglund om irsk musikk, finsk grammatikk og nynorsk romantikk»

Publisert 29. januar

«Peer Perez Øian om prosessar med menneske,

maskinar og teaterframsyningar.»

Publisert 9. april

«Eurovision-spesial med Simen Formoe Hay og Johan Hveem Maurud.»

Publisert 7. mai

«Frida Ånnevik om cover, knoting og bluesadvokatar.»

Publisert 22. mai

#1 Redaksjonsmøte – Ny sesong

Publisert 19. august

«Ingerid Stenvold om dialekt, Dagsrevyen og språkstrid.»

Publisert 26. august

#2 Redaksjonsmøte – DIFF, Siri og unnskyldning

Publisert 5. september

«Margherita Podesta Heir om omsetjing, Jon Fosse og italiensk grammatikk.»

Publisert 24. september

«Natalie Bjerke Roland om Trump, Pippi og spel.»

Publisert 24. november

«Ragnhild Holmås om rotta som skotta, språkglede og Donald Duck.»

Publisert 10. desember

«Julestrømpe med Herborg Kråkevik, Kjersti Horn og ein ulovleg salme.»

Publisert 23. desember

Bakteppet

Bakteppet er korte lyd-dokumentarar om teater, kunst og kultur. Produsent er Ole Herman Andersen. Denne episoden blei publisert i 2025.

«Bakteppet: Om bruk av KI i kunst.»

Publisert 29. mars

Leselaget

Leselaget er Det Norske Teatret sin podkast om bøker, litteratur og lesing. Programleiar er Ingrid Weme Nilsen. Produsent er Ole Herman Andersen. I redaksjonen er Erlend Tårnesvik Dreiås. Desse episodane blei publisert i 2025.

«Leselaget les Lady Macbeth frå Mtsensk av Nikolaj Leskov»

Publisert 20. januar

«Edvard Hoem: «Mykje blod og død i dette her.»»

Publisert 21. januar

«Kathrine Nedrejord: «Eg vil kalle det ein 'page turner'»»

Publisert 5. februar

Den kulturelle skolesekken

I 2025 hadde Det Norske Teatret framsyning og opplegg for både grunnskolen og vidaregåande skole i Oslo gjennom Den kulturelle skolesekken.

Møt Det Norske Teatret

For DKS Oslo hadde teateret formidlingsopplegget «Møt Det Norske Teatret» som ein del av det faste tilbodet for elevar på 6. trinn i skoleåra 2024/2025 og 2025/2026.

Tilbodet er i to delar, der den eine delen er omvising på teateret og ein dramaverkstad, og den andre delen er at elevane ser ei teaterframsyning.

Del 1: 56 klassar var med på omvising og teaterverkstad våren 2025. (Skoleåret 2024/2025. Desse såg framsyninga *Snøsøstera* hausten 2024).

Del 2: Om lag 700 elevar såg framsyninga *Den uendelege historia* hausten 2025. (Skoleåret 2025/2026. Desse har omvising våren 2026.)

Andre framsyningar i DKS

Framsyninga *Europavisjonar* var del av tilbodet for vidaregåande skole i Oslo. Om lag 1400 elevar såg framsyninga hausten 2025 (skoleåret 2025/2026).

Billettfond

I 2025 hadde Det Norske Teatret to billettfond der det var mogleg å søke om billetter til framsyningar.

OBOS Billettfond

I fleire år har teateret hatt eit samarbeid med hovudsponsor OBOS om eit billettfond for skole. Hausten 2025 kunne skolar søke om billetter til *Den uendelege historia*. Det kom inn 512 søknadar om 16430 billetter. Totalt 1460 elevar fekk sjå framsyninga saman med klassen sin.

Kavli Billettfond

Saman med Kavlifondet har teateret eit billettfond for ideelle, frivillige og humanitære organisasjonar som ønskjer å bruke eit teaterbesøk i arbeidet sitt. Det blei delt ut totalt 436 billetter til ein verdi av 220 130 kroner. Framsyningar det blei søkt om billetter til var mellom *anna Europavisjonar*, *Da vi var yngre* og *Den uendelege historia*.

Lunsj & Lyrikk

Besteforeldrenes klimaaksjon

4., 5., 6., og 7. februar

Opplesar: Lasse Kolsrud

18. og 20. februar

Opplesar: Kirsti Refseth

25. og 27. februar

Opplesar: Ingrid Jørgensen Dragland

4. mars

Opplesar: Mona Huang Høvik

18., 25. og 27. mars

Opplesar: Øyvin Berven

11. april

Opplesar: Kyrre Hellum

10. og 24. april

Opplesar: Kristi Kinsarvik

29. april

Arnhild Skre presenterer sin biografi om Theodor Kittelsen. Askeladd og Troll.

15. mai

Diktarane frå Hardanger med Cecilie Seiness + Morten Svartveit og Per Schaanning

8. og 10. september

Opplesar: Heidi Gjermundsen Broch

18. september

Opplesar: Marianne Krogh

23. september

Opplesar: Sigrid Kandal Husjord

7. oktober

Opplesar: Kjersti Dalseide

9. oktober

Vennelagets Lunsj & Lyrikk. "Nynorskfugl i bokmålsland. Ingvild Bryn til Lunsj & Lyrikk"

14. oktober

Opplesar: Hallvard Holmen

16. oktober

Opplesar: Amund Sigurdssønn

21. og 28. oktober

Johan Hveem Maurud og Svenn Erik Kristoffersen

4. og 11. november

"Eit ord er eit under» - Tor Jonsson i ord og tonar ved tidlegare redaktør i Hallingdølen, Bjarne Tormodsgard, og folkesangar/musikar Camilla Granlien.

11. november

Opplesar: Øyvin Berven

18. november

Førjul med Amund Sigurdssønn og Ståle Sletner

2. desember

Opplesar: Øyvin Berven. Siste før jul!

11. desember

Opplesar: Oktober Forlag // Edvard Hoem (K.E)

12. desember

Heddadagane

Under Heddadagane 2025 var Det Norske Teatret festivalhub, og mykje av bransjeprogrammet skjedde på teateret.

Kulturelle beremeisar, parkdressar og nistepakker

Produsert av Unge Viken Teater, Scenekunstbruket, Kulturtanken & Tigerstadteatret

Dato: 10. juni, i Bikuben

The Creative Space - Workshop on site specific performance

Produsert av Heddadagane

Dato: 10. og 11. juni, i Hulda

Førsnakk: Teater på tvers av kontinent

Produsert av Unge Viken Teater

Dato: 10. Juni, i Formidlingsrommet

Kunstnersamtale: Om kunsten å sameine

Produsert av Unge Viken Teater

Dato: 10. juni, i Bikuben

Magi midt på dagen

Produsert av Brageteatret & Scenekunstbruket

Dato: 10. juni, i Bikuben

Kjøkkenbordsamtale med unge stemmer

Produsert av Scenekunstbruket

Dato: 10. juni, i Bikuben

Frå produksjon til publikum

Produsert av ELLIS - Et langt liv i scenekunsten

Dato: 11. juni, i Bikuben

Kulturpolitisk føremiddag

Produsert av NTO og Creo

12. juni, i Bikuben

Funksjonsmangfald i musikk- og scenekunstinstitusjonane

Produsert av SKUDA, Dansens Hus, DansiT & NTO

Dato: 12. juni, i Bikuben

Turnéteatersamling 2025

Produsert av Riksteatret

Dato: 13. juni, i Bikuben

Kva er scenekunstens DNA?

Produsert av Norske Scenografer i Creo

Dato: 13. juni, i Bikuben

Scenesamtalar – Live frå Heddadagane 2025

Produsert av Heddadagane & Scenekunst.no

Dato: 14. juni, i Bikuben

Kunstnersamtale: Nominerte til beste scenetekst



Produsert av Dramatikerforbundet

Dato: 14. juni, i Bikuben

Årets kritikk

Produsert av Kritikerlaget, NTO, Norske Dansekunstnere & Norsk Skuespillerforbund

Dato: 14. juni, i Bikuben



Sukker. Foto: Ole Herman Andersen

Prosesen mot menneske. Foto: Ole Herman Andersen

Europavisjonar. Foto: Siren Høyland



Ikkje ein lyd. Foto: Siren Høyland

Styrets årsmelding

Scenekunstens nødvendige risiko

Ambisiøs og risikovillig. I kunsten er dette viktige kjerneverdier. 2025 har vore eit solid år for Det Norske Teatret der kjerneverdiene for alvor har synt seg dekkande. Styret ved Det Norske Teatret konstaterer at det også i 2025 var rikeleg med prestasjonar og produksjonar på høgste nivå ved teateret. 209 803 besøkande fann vegen til salane våre (171 247 for 2024) og teateret kan notere eit driftsresultat på 17,7 millionar kroner.

Ved inngangen til 2024 utarbeidde teateret ein toårig handlingsplan for ein berekraftig teaterøkonomi. Ein ville redusere kostnader for å dekke inn tapt eigenkapital og styrke likviditeten. Styret er tilfreds med at måla har blitt nådd. Handlingsplanen blir no avslutta. Å halde att på kostnader set store krav til teateret sine tilsette som gjennom dei siste åra har vist sterk vilje og dedikasjon til å skape minneverdige opplevingar samstundes som økonomien har vore stram. Innsparingane er primært gjort på personalkostnader og drift, og har ikkje redusert dei kunstnarlege ambisjonane.

Styrkt likviditet er nødvendig for å kunne ta kunstnarleg risiko og tole at einskilde satsingar ikkje går som planlagd. Teateret må òg auke investeringane kraftig dei kommande åra. I 2025 var bygnaden som husar Det Norske Teatret 40 år. Huset er godt halde ved like, men teatertechniske installasjonar og byggetekniske forhold nærmar seg levetid. Det gjeld store installasjonar som maskineriet under dreiescenen på Hovudscenen, snorloft på Hovudscenen og Scene 2, teppeheis m.v. Dei største investeringane er det ikkje råd å kunne finansiere over driftsbudsjettet

og administrasjonen har styrkt arbeidet mot styresmaktene om teateret sin søknad til ordninga Nasjonale kulturbygg.

Arbeidet med å få auka den offentlege løyvinga til teateret har vore prioritert over fleire år. Med kampanjen Tett gapet blei det særleg lagt vekt på behovet for ei justering av rammevilkåra i tråd med posisjonen som nasjonalt teater. Resultatet kom i to rundar, sist i 2025 da rammetilskotet auka med 15 millionar kroner. Det er urolege tider. Det kviler eit tungt ansvar på institusjonane for å vere synlege og kompromisslause. Det Norske Teatret skal skape kunst som inspirerer, provoserer, vekker kjensler og fremmar refleksjon. Samstundes skal vi nå ut til enda fleire.

2025 var Kjersti Horn sitt første år som teatersjef. Ho er ein uredd og tydeleg regissør og desse eigenskapane har ho trekt inn i arbeidet som øvste leiar ved Det Norske Teatret. Ho legg til grunn at teateret er eit demokratiprojekt, ein stad der alle høyrer til. Teateret har i 2025 møtt eit veksande publikum, fått nye og yngre publikummarar og opplevd kunstnarlege prestasjonar som spenner frå det meir tradisjonsrike til det nyskapande og framtidsretta. Det har vore eit år prega av krafta i fellesskapen, formidlingsgleda og dialog med samfunnet kring oss.

Eit av dei djervaste prosjekta frå 2025 vil nok også gå over i historia som eit av dei meir legendariske. Med *Europavisjonar* har publikum blitt skaka, opplyst og underhalde av eit ensemble som på meisterleg vis teikna fram eit bilde av eit Europa som slo sprekkar. Framsyninga fekk full pott hos eit oppglødd meldarkorps og publikum strøymde til. Etter

kvart som den politiske utviklinga tok nye og oppsiktvekkande vendingar, blei framsyninga fornya. Sjeldan har teater vore meir politisk, meir forførande og meir urovekkjande.

Europavisjonar er med vidare inn i 2026.

På Scene 3 var multitalentet Tani Dibasey hyra inn til å fornye scenekunsten. Saman med duoen Only Slime fekk han frie tyglar til å setje sitt ungdommelege preg på scenerommet. Saman har dei trekt heilt nye publikummarar til teateret. Billettkjøparane har i gjennomsnitt vore 38,5 år – vel 15 år lågare snittalder enn billettkjøparane elles.

Yngre menneske har òg strøymt til Scene 2 der Oliver Lovrenskis kritikarroste roman *Da vi var yngre* fekk premiere med artisten Jonas Benyoub i hovudrolla.

Framsyninga fekk

Heddaprisen i 2025 for beste ungdomsteater. Da vi var yngre blir med vidare inn i 2026.

Den overordna strategien til Det Norske Teatret bygger på verksemdas samfunnsoppdrag og kulturpolitiske mål. Strategi og visjon er tilgjengeleg på nettsida til teateret. I 2026 vil det bli arbeidd med ny strategi.

Økonomi og drift

Det Norske Teatret leverer for andre året på rad eit godt økonomisk resultat, og styrker med det likviditetssituasjonen til verksemda. Årsresultatet før skatt utgjer 18,8 millionar kroner, opp frå 12,6 millionar kroner i 2024. Resultatet stadfestar ei solid underliggjande drift og god oppnåing av sentrale økonomiske mål.

Samla billettinntekter enda på 56,5 millionar kroner. Dette er nær 10 millionar kroner høgare enn i 2024 og 3,4 millionar kroner over budsjett. Hovudscenen står for 82 prosent av dei totale billettinntektene. Årets største suksess, *Europavisjonar*, spelte 67 framsyningar med

ein besøksprosent på 96 prosent, og åleine stod denne produksjonen for 47 prosent av dei samla billettinntektene.

I tråd med den økonomiske handlingsplanen har verksemda hatt særleg merksemd på å styrke andre eigeninntekter. Dette har gitt tydelege resultat. I 2025 utgjorde desse inntektene 18,2 millionar kroner, som er 2,1 millionar kroner meir enn i 2024 og 4,7 millionar kroner over budsjett. Auken er særleg driven av høgare inntekter frå utleige til arrangement og sponsormidlar, i tillegg til styrkte inntekter frå restaurant- og bardrifta i huset. Det ligg framleis eit potensial for ytterlegare betring av inntektene frå kontorutleige. Samstundes må

verksemda i 2026 arbeide målretta for å kompensere for inntektsbortfallet etter at avtalen med Equinor om utleige til haustkonferansen deira er avslutta.

På kostnadssida har verksemda gjennomført innsparingar, særleg innan lønns- og personalkostnader. Dette er i hovudsak knytt til tiltaka i handlingsplanen om at utvalde stillingar har vore haldne vakante ved pensjon eller annan avgang, som tidvis har resultert i krevjande bemanningssituasjonar.

Ved avslutninga av

handlingsplanperioden går verksemda no gradvis tilbake til normal bemanning gjennom fleire nyutlysingar. Det er dekning for dette i budsjettet for 2026, men langsiktig kostnadsnivå skal òg vurderast nærare som del av den planlagde strategiprosessen i 2026. Det er i 2025 gjennomført investeringar i bygg og teaterteknisk utstyr for 13,0 millionar kroner, opp 4,5 millionar kr frå 2024. Verksemda planlegg å auke investeringsnivået vidare i 2026 og i åra framover for å møte dei auka krava knytte til oppgraderingar og nødvendig vedlikehald.

Føremål

L/L Det Norske Teatret er eit allmennyttig aksjeselskap som har til føremål å vise teaterstykke på norsk mål i bygd og by. Det Norske Teatret driv verksemda frå eigne lokale i Kristian IVs gate 8 i Oslo.

Det Norske Teatret er eit djervt, ope og engasjerande teater dit folk søker for refleksjon, oppleving og underhaldning. Det Norske Teatret skal med nynorsk som scenespråk og eit breitt samfunnsengasjement skape nye uttrykk og nå eit stort publikum.

Kontantstraumsoppstillinga syner at verksemda har styrkt likviditetssituasjonen gjennom året. Ved utgangen av 2024 hadde verksemda nytta 26,5 millionar kr av kassakredittramma på 30 millionar kr, noko som var på om lag same nivå som ved utgangen av 2023. Sterk kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar i 2025 (34 mill. kr), saman med ein netto auke i den langsiktige lånefinansieringa på 9 millionar kr, medverka til at 2025 blei avslutta med positiv bankbalanse (11,5 millionar kr i bankinnskot). Saman med tilbakebetaling av kassakreditte frå 2024 og eit høgare investeringsnivå enn dei seinaste åra var netto kontantstrøm 4,7 millionar kr. Samstundes har banken redusert kredittramma til 15 millionar kr, og likviditetssvingingane gjennom året er framleis store, så verksemda held fram med stram styring av likviditet og kostnader.

Eit grønare teater

Det Norske Teatret blei sertifisert som Miljøfyrtårn i 2022. Det gir verktøy for å kartlegge teateret sitt klimaavtrykk. Kvart år kartlegg vi det totale klimaavtrykket og fører rekneskap over avfall og ombruk, transport og energi. Det Norske Teatret blei resertifisert Miljøfyrtårn i desember 2025.

Det Norske Teatret samarbeider om eit internasjonalt berekraftsprosjekt gjennom den europeiske teaterorganisasjonen ETC, som teateret er medlem av. Med Theater Green Book jobbar vi for å gjere produksjonar og teaterbygg berekraftige og for å forbetre drifta i heile organisasjonen. Målet er klimanøytral teaterproduksjon i 2030.

Mangfald og likestilling, leiing og organisasjon

Det Norske Teatret skal vere eit inkluderande og ope teater for tilsette, samarbeidspartnarar og publikum. Teateret har i mange år jobba aktivt med mangfald. Med ny teatersjef har arbeidet sett fart. Målet er å opne teateret enda meir for

eit mangfald av menneske, på, framfor og bak scenen.

Teateret har vidareført arbeidet på Rommen Scene, med eit samarbeid med Riksteatret om framsyninga *Ord for blod*. Teateret er saman med Noregs Ungdomslag og Bondeungdomslaget i Oslo eigarar av Den Mangfaldige Scenen, som driv eit viktig scenekunstarbeid for barn og unge. Teateret har ordningar for gratisbilletter for følgje til publikummarar med funksjonsnedsettingar. Vi tilbyr høyrehjelp for høyrslheemma. Bygget er generelt tilrettelagt med omsyn til universell utforming. Ein ny rapport om universell utforming i Det Norske Teatret syner større behov for tilrettelegging og det er i 2025 sett i gang arbeid for å møte fleire av desse behova.

Teateret hadde ved utgangen av 2025 279 fast tilsette og i åremål, 128 menn og 151 kvinner. Dette utgjør 251 årsverk. Av desse er 37 tilsette i deltidstillingar. Ved utgangen av 2024 var det 233 fast tilsette og i åremål, 115 menn og 118 kvinner. Dette utgjorde 201 årsverk. Styret har 4 kvinnelege og 3 mannlege medlemmer.

Styret viser elles til den årlege rapporten for arbeidet med likestilling og mangfald etter kravet verksemda er pålagt frå 2020 gjennom likestillings- og diskrimineringslova. Rapporten vil bli offentleggjort i Det Norske Teatret sin årsrapport.

Teateret sin rapport etter den nye openheitslova blir publisert på nettsidene til teateret i juni 2026. Rapporten skal innfri retten alle etter openheitslova har til å få informasjon om korleis ei større verksemd utfører aktsemdvurderingar for å stanse, førebyggje og avgrense negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Arbeidsmiljø

Med økonomiske utfordringar og endringar i leiinga, har 2025 vore utfordrande. Det er gjennomført ei medarbeidarundersøking i november 2025 som syner behov for å betre arbeidsmiljøet i heile organisasjonen. Administrasjonen set i gang eit målretta arbeid med arbeidsmiljøtiltak frå byrjinga av 2026. Det er tett møteverksemd mellom dei tillitsvalde og leiinga ved teateret, med møte om lag kvar månad og elles ved behov.

Drifta ved teateret inneber aktivitetar som kan medføre risiko knytt til arbeidsmiljø. Det er difor tett oppfølging av arbeidsmiljø og eventuelle hendingar i teateret. Det har i 2025 vore registrert 14 skadar på tilsette, mot 25 i 2024. Dei tilsette det gjeld har fått oppfølging. Sjukefråværet i verksemda er lågt, 4 % i 2025 mot 3,8 % i 2024. Sjukefråværet er ein kombinasjon av kort- og langtidssjukefråvær. Teateret har etiske retningslinjer som gjeld alle som arbeider på teateret, også eksternt engasjerte. Teateret har varslingsrutinar og legg stor vekt på at det skal vere trygt å varsle. I oppfølginga av medarbeidarundersøkinga legg vi vekt på å senke terskelen for varslings.

Risikostyring

Vidare drift og framtidsutsikter

Styret har hatt sju møte i 2025 og handsama 51 saker. Styret stadfestar at føresetnader for vidare drift er til stades og er lagt til grunn for rekneskapen, og at rekneskapen gjev eit rett bilde av resultat og stilling per 31.12.2025. Styret vil takke dei mange samarbeidspartnarane som har bidratt med prosjekt- og utviklingsstøtte og slik gjort det mogleg for teateret å utforske nye vegar. Av offentlege verksemder gjeld det Kulturdepartementet, Kulturdirektoratet og Sveriges ambassade. Av private verksemder og organisasjonar takkar vi òg NetNordic, OBOS, Kavlifondet, Stihl, Rica Eiendom, Willy Brandt Stiftelsen, Fritt Ord, ETC og Vennelaget. Styret vil rette ein stor takk også til alle tilsette, som har stått på og teke ansvar gjennom fleire krevjande år. Teateret har møtt utfordringar med eit klart formål om å levere kunst på høgt nivå, uavhengig av vanskelege omstende. Tilsette har strekt seg for å finne nye løysingar på store utfordringar. Styret vil òg takke dei tillitsvalde. Samarbeidet mellom leiinga og tillitsvalde har vore avgjerande for dei gode resultatane Det Norske Teatret har oppnådd i 2025. Styret har ansvarsforsikring.

Oslo, 24.02.2025


I styret for L/L Det Norske Teatret



Hilde Johanne Barstad
Styrelsiar



Steinulf Tungesvik
Nestleiar



Magni Hjertenes Flyum



Åshild Mjelde Nordås



Loveleen Rihel Brenna



Martin Alexander Korsvik Revheim



Geir Sundberg Kvarme



Kjersti Horn
Dagleg leiari



Irene Halvorsen
Direktør

RESULTATREKNESKAP

(tal i NOK 1000)

	Note	2025	2024
Teaterdrifta			
Eigne inntekter	1	73 440	62 564
Tilskot	2	239 531	226 932
Sum driftsinntekt		312 971	288 595
Driftskostnader			
Varekjøp		10 397	8 439
Kostnader v/arbeidskraft	3, 4	215 054	206 004
Avskrivning teaterbygg	5	1 073	1 073
Ordinære avskrivningar	6	12 007	12 418
Andre driftskostnader	6, 7	56 447	48 015
Sum driftskostnad		294 978	275 949
Driftsresultat		17 993	12 646
Finansresultat			
Renteinntekter		2 141	1 419
Rentekostnader		- 1 313	- 1 445
Annen finanskostnad		-15	0
Finansresultat		-812	26
Resultat før skattekostnader		18 806	12 620
Skattekostnad	8	1 129	1 107
Årsresultat	9	17 677	11 513
Disponering av årsresultatet			
Årets resultat til opptent egenkapital		17 677	11 513
Sum disponert		- 17 677	-11 513

BALANSE PR. 31.12

(tal i NOK 1000)

	Note	2025	2024
Eigedelar			
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigedelar			
Utsett skattefordel	8	2 093	1 970
Sum immatrielle eigedelar		2 093	1 970
Finansielle driftsmidler			
Lån til staten		22 200	22 200
Investeringar	10	20	35
Pensjonmidlar	4	13 760	0
Sum finansielle driftsmidler		32 980	22 235
Varige driftsmiddel			
Teaterhuset	5	6 208	7 281
Bygningar, tomter	5	9 007	9 007
Teknisk utstyr, inventar o.a.	6	65 044	64 119
Sum varige driftsmiddel		80 259	80 408
Sum anleggsmiddel		118 333	104 614
Omlaufsmidler			
Fordringar			
Varelager	11	551	503
Forskot forfatterhonorar		923	2 116
Andre fordringar inkl. tilsette		9 140	8 731
Sum fordringar		10 614	11 350
Forskotsbetalte framsyningskostnader	12	4 291	6 057
Bank og kasse	13	11 502	6 781
Sum omlaufsmidler		26 408	24 188
Sum eigedelar		144 741	128 801

BALANSE PR. 31.12

(tal i NOK 1000)

	Note	2025	2024
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Lutmidlar (12.272 luter à kr. 400.–)	14	4 909	4 909
Tilskot frå staten	9	22 200	22 200
Sum innskoten eigenkapital		27 109	27 109
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	9	36 651	4 708
Sum opptent eigenkapital		39 651	4 708
Sum eigenkapital		66 760	31 817
Gjeld			
Pensjonsplikter	4	0	4 911
Uopptent inntekt	17	3 102	3 698
Sum avsetjing for plikter		3 102	8 610
Anna langsiktig gjeld			
Pantelån	15	14 625	7 125
Sum anna langsiktig gjeld		14 625	7 125
Kortsiktig gjeld			
Leverandørar		10 449	9 981
Kassakreditt	15	0	26 499
Betalbar skatt, ikkje utlikna	8	1 249	1 223
Skuldig offentlege avgifter		14 733	13 723
Forskotsinnbetalt for billetter		13 068	6 566
Anna kortsiktig gjeld inkl. feriepengar		20 754	23 257
Sum kortsiktig gjeld		60 254	81 249
Sum gjeld		77 981	96 984
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		144 741	128 801

Oslo, 19.02.2026
I styret for L/L Det Norske Teatret



Hilde Johanne Barstad
Styreleiar



Erik Bolstad
Nestleiar



Magni Hjertenes Flyum



Åshild Mjelde Nordås



Loveleen Rihel Brenna



Martin Alexander Korsvik Revheim



Geir Sundberg Kvarme



Kjersti Horn
Dagleg leiar



Andreas Flåt Aglen
Konstituert direktør



Bilde frå *Europavisjonar* på Hovudscenen. Foto: Siren Høyland

NOTAR

REKNEKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med føresegner i rekneskapslova og god rekneskapskikk.

INNETEKTER

Inntekter ved billettsal er verkeleg verdi, etter ev. frådrag for student-/honnørrabattar.

Inntekter blir resultatførte først etter kvar einskild fram-syning. Tenester blir inntektsførte i takt med utføringa. Inntektsført driftstilskot er lik tilskotsbrev frå staten.

KLASSIFISERING OG VURDERINGAR AV BALANSEPOSTANE

Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år, og postar som er knytte til varekrinslaupet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omlaupsmidlar er vurderte til lågaste innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er mellombels. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er førte i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje avsett noko til eventuelle tap pr. 31.12.

VARIGE DRIFTSMIDDEL

Tomta vart ikkje avskriven. Teaterbygget vart skrive ned i takt med avdrag på langsiktig lån knytt til bygget, heile lånet var ferdig nedbetalt 30.04.2015. Frå 01.05.2015 nyttar ein lineær avskrivning som prinsipp.

Andre varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne lineært til restverdi over attverande avskrivningstid. Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført jamleg som driftskostnader.

LEIGEFINANSIERING

Alle leigefinansierte kontraktar (bortsett frå korte kontraktar og mindre leigefinansierte eigedelar) blir balanseførte som eigedelar med bruksrett, og som ei gjeld. Kontraktar blir førte til innkjøpspris med frådrag for avskrivningar som blir berekna etter annuitetsmetoden.

PENSJON

Den balanseførte forpliktinga er noverdi av dei definerte ytingane minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Pensjonsforpliktinga blir utrekna årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode. Etter prinsippendring med start frå 01.01.15 blir endringane i forpliktingane, som følgje av estimatavvik, bokførte direk-

te over resultatet i det året dei oppstår (NRS 6). Frå 2021 har teateret endra rekneskapsprinsipp for ytingsbasert pensjon og nytta moglegheita til å anvende måleregiane og reglane om resultatspesifikasjon i IAS 19. Det same gjeld for usikra ordning for servicepensjon. Som følgje av dette vil estimatendringar bli førte mot eigenkapitalen, og ikkje over resultat.

Arbeidsgjevaravgifta blir kostnadsført basert på innbetalt pensjonspremie for sikrande (kollektive) pensjonsordningar. Innskotsbasert pensjonsordning blir kostnadsført basert på berekna årleg premie.

VALUTA

Transaksjonar i valuta blir bokført laupande til gjeldande kurs. Kursgevinst og kurstap knytt til transaksjonar i utanlandsk valuta blir ført som renteinntekt og rentekostnad.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumoppstilling blir utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar som straks og med uvesentleg kursrisiko kan konverterast til kjende kontantbeløp og med resterande laupetid mindre enn tre månader frå den datoen dei er innkjøpte.

SKATT

Teateret er ein skattefri institusjon etter skattelova § 2-32 første ledd. Isolert frå drifta ved teateret blir det drive utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntekter frå desse økonomiske verksemdene blir vurderte som skattepliktige verksemd.

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både skatt som skal betalast i perioden, og endring i utsett skatt. Utsett skatt blir rekna ut med aktuell skattesats på grunnlag av dei skilnadene som finst førebels mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, forutan eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteauken og skattereduserande førebelse skilnader som blir reverserte, eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande skilnader som ikkje er utlikna og underskot til framføring, blir grunngeven med forventa framtidig inntening. Utsett skatt og utsett skattefordel som kan balanseførast, blir oppført netto i balansen. Utsett skatt blir rekneskapsført til nominelt beløp.

AKTIVERTE FRAMSYNINGSKOSTNADER

Sjå note 12 for kommentar.

Note 1 – Eigne inntekter (tal i NOK 1000)	2025	2024
Billettsal: Hovudscenen	46 084	35 985
Billettsal: Scene 2	8 948	8 396
Billettsal: Scene 3	667	1 201
Billettsal: Rommen scene	172	509
Billettsal: Andre scenar	489	534
Billettsal: Direktestrøyming	0	27
Programsal	1	137
Sponsorinntekt	2 726	2 500
Gåver	30	150
Leigeinntekter	8 273	7 762
Andre inntekter	6 049	5 363
Sum egne inntekter	73 440	62 564

Note 2 – Tilskot (tal i NOK 1000)	2025	2024
Statstilskot	238 430	216 890
Ekstra statstilskot	0	9 000
Andre tilskot, inkl. tilskot frå ENOVA Straum	995	0
Tilskot til fagopplæring	107	142
Totalt	239 531	226 032

Note 3 – Kostnad v/arbeidskraft (tal i NOK 1000)	2025	2024
Løn	162 850	156 412
Arbeidsgjevaravgift	25 655	24 955
Honorar	12 054	10 196
Pensjonskostnader	14 494	14 440
Sum	215 054	206 004

Godtgjersle til leiande tilsette:

Teatersjef: Løn 1 495 | Pensjonskostnader 229 | Anna godtgjersle 0

Styret: 305

Det er ikkje gjeve lån til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar.

Det er ingen einskilde lån/garantiar som utgjer meir enn 5 % av eigenkapitalen i selskapet.

I posten pensjonskostnader inngår betalt pensjonspremie trekt frå for delen til dei tilsette og endringar i pensjonsplikter. Arbeidsgjevaravgift av pensjonane er ført i posten arbeidsgjevaravgift

	2024	2023
Garantiansvar for tilsette	0	0

Teateret hadde ved utgangen av rekneskapsåret 2025 279 fast tilsette og tilsette på åremål. Av dette var 37 deltidsstillingar. Dette utgjer 251 årsverk.

Note 4 - Pensjonar

Teateret pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som oppfyller krava etter lova.

Sikra pensjonsplikter:

Teateret har ei ytingsbasert ordning som er stengd for fleire innmeldingar og opptening av lønsjustering og rettar frå 01.07.2016. Den ytingsbaserte ordninga gjev rett til opptent del av definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av full opptening, lønsnivå pr. 30.06.2016 og størrelse på ytingane frå folketrygda.

Teateret vedtok i 2021 å endre rekneskapsprinsipp for ytingsbasert pensjon og nytte moglegheita til å anvende målereglane og reglane om resultat spesifisering i IAS 19. Det same gjeld for usikra ordning for servicepensjon. Som følge av dette vil estimatendringar bli førte mot eigenkapitalen, og ikkje over resultat. Totalt estimatavvik ført mot eigenkapitalen i 2025 utgjer tnok 17 266 (sjå note 8).

I dag har teateret to kollektive parallelle pensjonsordningar, ei innskotsordning i Gjensidige og ei hybridordning i Storebrand. Dei to alternative pensjonsordningane blir vurderte å vere nesten likeverdige, men ordningane har noko ulike innretingar og eigenskapar. AFP, uføre- og etterlattepensjon er like i innskotspensjon og hybridpensjon.

I hybridordninga er utbetalinga livslang. Det blir derfor avsett noko meir til pensjon for kvinner, ved at det blir betalt eit kvinnetillegg på toppen av det ordinære innskottet sidan kvinner lever i gjennomsnitt lenger enn menn. I tillegg betaler arbeidsgjevar administrasjonskostnader for tilsette som sluttar og får pensjonsbevis. Lønstrekket i hybridordninga er derfor noko høgare enn i innskotsordninga. Innskotsordninga er opphøyrande, og må minst takast ut over 10 år. I innskotsordninga kan arbeidstakarane spare opp pensjonskapital frå ulike arbeidsgjevarar på Eigen Pensjonskonto, noko som ikkje er mogleg i hybridordninga pr. i dag. Frå og med 2004 er tilleggspensjonar til teatersjefar/direktørar samordna med kollektivordninga gjennom ein avtale om kollektiv livrente.

Usikra pensjonsplikter:

Selskapet har også ei avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP). Denne er å rekne som ei ytingsbasert fleirføretaksordning, men rekneskapsført som ei innskotsordning fram til det ligg føre påliteleg og tilstrekkeleg informasjon, slik at selskapet kan rekneskapsføre sin proporsjonale del av pensjonskostnad, pensjonsforplikting og pensjonsmidlar i ordninga. Selskapet sine forpliktingar er dermed ikkje balanseførte som gjeld. Like eins har vi ein avtale om pensjon til ein dansar frå fylte 48 år og fram til fylte 67 år og gåvepensjon til teatersjefar og tilsette som var pensjonistar før pensjonsordninga til alle tilsette tredde i kraft.

Endring i aktuarberekningar frå 2025:

Frå og med rekneskapsåret 2025 er aktuarberekningane for dei sikra og usikra pensjonsordningane samla i ei felles berekning. Endringa er gjort for å gje ei meir samla framstilling av teateret sine totale pensjonsforpliktingar i tråd med prinsippa i IAS 19. Samanstillinga påverkar ikkje dei underliggende pliktene eller rettane i ordningane, men inneber at netto pensjonsforplikting, pensjonskostnad og estimatavvik blir presentert på grunnlag av ei samla berekning. Tidlegare samanlikningstal er omarbeidde. Den lukka pensjonsordninga, som no omfattar både sikra og usikra.

Resultatrekneskaper (tal i NOK 1000)	2025	2024
Administrasjonskostnader	476	447
Rentekostnader av pensjonsplikter	192	1 292
Brutto pensjonskostnad	668	1 739
Avkastning på pensjonsmidlar	0	0
Resultatavvik og planendringar	0	0
Arbeidsgjevaravgift	0	0
Resultatført pensjonskostnad før tilskot frå tilsette	668	1 739
Betalt premie inkl. arbeidsgjevaravgift	-2 073	-6 781
Estimatavvik ført mot eigenkapital	-17 266	-31 864
Endring av netto pensjonsplikter i balansen	-18 672	-36 906

Pensjonsplikter (sikra kollektiv ytingspensjon og usikra servicepensjon)

Pensjonsplikter (brutto)	240 019	249 911
Pensjonsmidlar (marknadsverdi)	-254 035	-245 802
Pensjonsplikter (netto) før arbeidsgjevaravgift	-14 017	4 109
Arbeidsgjevaravgift av premiefondsmidlar	256	802
Netto pensjonsplikter	-13 760	4 911
Sum	-13 760	4 911

Økonomiske føresetnader:

	2025	2024
Avkastning på pensjonsmidlar	3,90 %	3,90 %
Diskonteringsrente	3,90 %	3,90 %
Årleg lønsvekst	4,00 %	4,00 %
Årleg G-regulering	3,75 %	3,75 %
Årleg regulering av pensjonar under utbetaling	2,00 %	2,25 %
Arbeidsgjevaravgift sats	14,10 %	14,10 %

Note 5 – Teaterhuset/tomteverdi (tal i NOK 1000)	2025	2024
Teaterhuset (der utleigedelen inngår) Gnr./bnr. 0301-209/169		
Kostpris ved fusjon 1986	487 302	487 302
Nedskrive med tilskot	424 625	424 625
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12.	45 314	45 314
Balanseført verdi per 31.12.2025	15 215	16 289
Avskrivninga i år	1 073	1 073

I 1986 vart AS DNT-bygget fusjonert med LL Det Norske Teatret og teaterhuset var då balanseført med kr 478 295 000 og tomte med kr 9 007 223. Av teaterhuset var det kr 51 858 216 som høyrde til den delen som er leigd ut. Bygget var blant anna finansiert gjennom eit statleg lån på kr 424 625 000. Dette lånet vart ettergjeve av staten i 1999, og bygget vart då nedskrive med verdien på lånet.

Pr. 31.12. kan den bokførte verdien til teaterhuset fordelast slik:

(tal i NOK 1000)	2025	2024
Del til eiga disponering	1 497	1 497
Del utleige	4 711	5 784
Sum	6 208	7 281

Note 6 – Teknisk utstyr, inventar (tal i NOK 1000)	Varige driftsmiddel	Varer i arbeid
Innkjøpskost 01.01.2025	235 348	1 619
Tilgangar	12 954	560
Avgangar	0	0
Kostnadsført i året	0	583
Innkjøpskost 31.12.2025	248 303	1 596
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	184 855	0
Balanseført verdi per 31.12.2022	63 448	1 596
Avskrivningar i år	12 007	0

Det blir nytta lineære avskrivningar for alle varige driftsmiddel. Den økonomiske levetida er rekna til:

Transportmiddel, inventar og maskinar	5 - 10 år
Datautstyr	3 - 5 år
Teknisk utstyr	10 - 30 år
Kontorutstyr	3 - 5 år
Andre driftsmiddel	3 - 5 år

Årleg leige av ikkje balanseførte driftsmiddel: (tal i NOK 1000)	2025	2024
Den Norske Opera og Ballett	263	255
Kontormaskiner	394	183

Note 7 – Andre driftskostnader	2025	2024
Kostnader v/lokale	8 987	7 617
Reparasjon og vedlikehald	9 265	8 892
Marknads-/info.-kostnader	8 151	6 710
Forfatterhonorar	9 191	9 076
Andre driftskostnader	20 853	15 720
Sum	56 447	48 015

Revisor	2025	2024
Revisjonshonorar, inkl. mva.	540	454
Skatterådgjeving, inkl. mva.	91	89
Sum	631	543

Note 8 – Skattekostnad

Teateret er ein skattefri institusjon etter skattelova § 2-32 første ledd. Samtidig driv teateret med utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntekter frå desse økonomiske verksemdene blir vurderte som skattepliktig verksemd.

Bereking av utsett skattefordel (tal i NOK 1000)	2025	2024	Endring
Bygning	-9 516	-8 956	559
Netto mellombelse skilnader	-9 516	-8 956	559
Grunnlag for utsett skattefordel	- 9 516	- 8 956	559
Utsett skattefordel (22%)	-2 093	-1 970	123

Grunnlag for skattekostnad, endring i utsett skatt og betalbar skatt.	2025	2024
Resultat før skatt for skattepliktig verksemd	5 115	4 217
Resultat frå teaterverksemd	5 119	4 217
Endring i mellombelse resultatforskjellar	559	527
Skattepliktig inntekt (grunnlag for betalbar skatt i balansen)	5 678	4 744

Fordeling av skattekostnaden		
Betalbar skatt	1 252	1 223
Endring i utsett skattefordel	-123	-116
Skattekostnad	1 129	1 107

Avstemming av skattekostnaden i år		
Resultat frå skattepliktig verksemd	5 115	5 034
Berekna skatt 22 %	1 125	1 107
	0	3
Skattekostnad i resultatrekneskapen	1 125	1 107
Differanse	0	0

Betalbar skatt i balansen		
Betalbar skatt i skattekostnaden	1 252	1 223
Betalbar skatt i balansen	1 252	1 223

Note 9 – Eigenkapital (tal i NOK 1000)

	Lutmidel	Tilskot frå staten	Annan EK	Sum
Eigenkapital 01.01.2025	4 909	22 200	4 708	31 817
Årets resultat			17 678	17 678
Pensjon mot eigenkapital			17 265	17 265
Eigenkapital 31.12.2025	4 909	22 200	39 651	66 760

**Note 10 – Investeringar
Selskapets namn**

	Eierandel	Bokført verdi
Den mangfaldige scenen AS	33,3%	20
Sum investeringar		20

Note 11 – Varer (tal i NOK 1000)

	2025	2024
Varelager	551	503
Sum	551	503

Varer blir vurderte til det lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Det er ingen ukurante varer i 2024 og 2025.

Note 12 – Aktiverte framsyningskostnader

Kostnader knytte til produksjonar med premiere etter årsslutt blir aktiverte som omlaupsmiddel i balansen. Føremålet er å sikre korrekt periodisering ved å samanstille kostnadene for den einsskildede produksjonen med tilhøyrande inntekter i den perioden produksjonen blir framført.

Aktiveringa omfattar variable, direkte framsyningskostnader som honorar, scenografi, kostyme, og andre produksjonsspesifikke utgifter. Fast løn og andre faste driftskostnader blir kostnadsførte laupande i den perioden dei kjem til, og er ikkje inkluderte i aktiverte framsyningskostnader.

Note 13 Bundne bankinnskot, trekkrettar

Bundne bankinnskot	2025	2024
Skattetrekkkonto	7 914	6 767

Note 14 – Lutmidel og informasjon om luteigarane (tal i kr 1000)

	Pålydande	Bokført
12 272 Luter (ikkje registrerte i VPS)	400	4 909

LL Det Norske Teatret har 4 992 luteigarar pr. 31.12.25. Alle lutene gjev same rett i selskapet.

Oversikt over dei største luteigarane pr. 31.12.2025

	Sum	Eigardel
BUL Oslo	1 353	11,03 %
Haugesund mållag og ungdomslag	481	3,92 %
Venner av Det Norske Teatret	274	2,23 %
Mållaget i Kristiansand	166	1,35 %
Gjensidige Skade	130	1,06 %
Sum	2 404	19,59 %
Andre (eigardel < 1 %)	9 868	80,41 %
Totalt	12 272	100,00 %

Oversikt over luter til styremedlemmar, varamedlemmar, teatersjef og direktør. Dei eig til saman 17 luter i Det Norske Teatret. Desse fordeler seg slik:

Hilde Barstad, Magni Hjertenes Flyum, Åshild Mjelde Nordås, Irene Halvorsen, Anders Hasmo, Eli Ulvestad, Elisabeth Hermansen, Heidi Gjemundsen Broch, Inger Johanne Sæterbakk, Paul Ottar Haga, Siren Høyland Sæter

Lån til staten:

Staten har gjeve eit eigenkapitaltilskot som dekkjer delar av den eigenkapitalreduksjonen som teateret fekk den gongen pensjonsplikter vart innarbeidde. I balansen er dette beløpet klassifisert som annan innskoten eigenkapital. I 2024 er det motteke renter på tkr 719.

Note 15 Pantstillingar og garantiansvar

Gjeld som er sikra ved pant o.l	2025	2024
Gjeld til kredittinstitusjoner	- 14 625	- 7 125
Sum	- 14 625	- 7 125

Det Norske Teatret hadde pr. 31.12.2025 pantgjeldslån på 14,625 mill. kr i DNB Bank ASA. Teateret har ei kredittramme på 15 mill. kr. Som trygd for pantgjeld i DNB Bank ASA 14,625 mill. kr er det tinglyst pantobligasjonar i teaterhuset på 40 mill. kr. Vidare har staten og Oslo kommune saman tinglyst ein pantobligasjon på 857 mill. kr til trygd for tilskotet i teaterhuset inkludert ein eventuell verdiauke (staten 591 mill. kr og Oslo kommune 266 mill. kr). Dette ansvaret blir aktuelt dersom teaterverksemda i bygningen ikkje blir driven i samsvar med gjeldande vedtekter i LL Det Norske Teatret.

Note 16 Føresetnad for vidare drift

Med fastsetting av rekneskapen for 2025 har Det Norske Teatret levert overskot for andre år på rad. Resultatet medverkar til ei ytterlegare styrking av eigenkapitalen og ei betre finansiell stilling samanlikna med den krevjande økonomiske situasjonen frå 2023.

Handlingsplanen som vart utarbeidd av administrasjonen og vedteken av styret etter fastsetting av rekneskap for 2023, har vore gjeldande i to år, i tråd med føresetnaden. Planen blir no avslutta. Tiltaka som vart sette i verk gjennom handlingsplanen har i hovudsak gjeve dei tilsikta resultat.

Trass i positiv resultatutvikling har verksemda hatt anstrengt likviditet også gjennom 2025, ein situasjon som dels held fram i 2026. Verksemda gjennomførte i september ein netto auke i den langsiktige lånefinansieringa på 9 millionar kr. Det blir arbeidd vidare med stram styring av likviditet og kostnader, med særleg merksemd på kontantstraum og prioritering av naudsynte tiltak.

Verksemda planlegg å gjennomføre ein strategiprosess i 2026. Føremålet med prosessen er mellom anna å sette Det Norske Teatret si langsiktige retning og tilpassing av kostnadsnivået til framtidige inntektsrammer.

På bakgrunn av resultatutviklinga dei to siste åra, gjennomførte tiltak og planlagde oppfølgingsprosessar, stadfestar styret at føresetnadene for vidare drift er til stades. Rekneskapen er utarbeidd under føresetnad om vidare drift.

Note 17 ENØK-tilskot

Det Norske Teatret har fått innvilga 3,7 millionar kroner i ENØK-tilskot knytt til investeringar i energieffektiviserande tiltak. Det er motteke MNOK 3,4 i januar 2025. Tilskotet er bokført som uopptent inntekt i balansen og vil frå 2025 bli inntektsført i takt med kostnadsføring av avskrivningar knytte til aktiverte investeringar.

KONTANTSTRÅUMOPPSTILLING

(tal i NOK 1000)

	2025	2024
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar		
Resultat før skattekostnad	18 913	12 620
Betalt skatt i perioden	- 1 223	- 1 036
Ordinære avskrivningar	13 080	13 491
Skilnad kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningar	- 1 406	- 5 042
Endring i varelager	535	267
Endring i forskot kundar	6 502	- 4 501
Endring i leverandørgjeld	-2 161	1 393
Endring i andre tidsavgrensingspostar	365	- 7 991
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	34 605	9 201
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar		
Utbetalt ved kjøp av varige driftsmiddel	-10 885	-9 505
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-10 885	- 9 505
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar		
Endring i kassekreditt	-26 499	878
Innbetalningar ved opptak av anna gjeld (korts./langs.)	15 000	0
Utbetalningar ved nedbetaling av anna gjeld (korts./langs.)	-7 500	-1 500
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	-18 999	-622
Kontantar og kontantekvivalentar i slutten av perioden	6 781	7 707
Netto kontantstrøm for perioden	4 721	-926
Kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden	6 781	7 707
Kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden	11 502	6 781
Denne består av:		
Bankinnskot	11 502	6 767
I tillegg utgjør ubrukt driftskreditt:	15 000	25 000



Til generalforsamlinga i LL Det Norske Teatret

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for LL Det Norske Teatret som er samansett av balanse per 31. desember 2025, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp. Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvissande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2025, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga, som vi innhenta før datoen for denne revisjonsmeldinga, annan informasjon, som vi forventar vert tilgjengelig for oss etter den dato. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon som vi har innhenta før datoen for revisjonsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Dersom vi ved å lese årsrapporten konkluderer med at rapporten inneheld vesentleg feilinformasjon, er vi pålagde å kommunisere tilhøvet til styret.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Førsetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, inn- anfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Oslo, 19. februar 2026

Tell Norge AS

Thomas Olsen

Statsautorisert revisor

(elektronisk signert)

Tell Norge AS, Dronning Eufemias gate 8, 0191 Oslo

T: +47 96 00 55 44, org. no.: 834 836 912 MVA, www.tellnorge.no

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap

Aktivitets- og rapporteringsplikta i 2025

Organisasjon

Som ein del av aktivitets- og rapporteringsplikta skal teateret i årsmeldinga rapportere om kva som har blitt gjort for å fremje likestilling og hindre diskriminering i organisasjonen.

Annakvart år skal teateret sette opp ei likelønnsversikt. Denne blir diskutert med dei tillitsvalde før ho blir publisert. Oversikta skal vise kva kvinner tener samanlikna med menn i tilsvarande stillingar, altså om det er lik lønn for likt arbeid. Vi har valt å framstille oversikta i prosent, på same måte som i 2021 og 2023. Grunnlaget for utrekninga er henta frå lønnsutbetalinga i januar 2026. Lønnsnivået for ei månadslønn for den einskilde arbeidstakaren er lik som ved utgangen av 2025.

Talet på tilsette som er med i utrekninga er noko høgare enn faste tilsette og tilsette i årsmål rapportert ved årsskiftet, sidan alle engasjerte på månadslønn er med, også dei som er vikarar eller jobbar i eit engasjement. For dei som jobbar deltid er årslønna rekna om til 100 %-stillingar for å få eit likt samanlikningsgrunnlag for gjennomsnittsutrekninga.

Lønnsnivået på teateret er basert på tariffavtalane med fagforeiningane, og oversikta viser at kvinnene tener likt, rett over eller tett opp mot mennene i stort sett alle kategoriar. Totalt på teateret utgjer lønna til kvinner 102 % av lønna til menn. Utan teatersjef og direktør er denne på 100 %. Til samanlikning utgjorde lønna til kvinner på landsbasis i gjennomsnitt 87,5 % av menns lønn i 2023.

I dei fleste kategoriane er det eit par prosentpoeng som skil menn frå kvinner, i den eine eller andre retninga utan særlege mønster. Det største spriket der menn tener mest finn vi i leiargruppa og gruppa med særskilde funksjonar. Dette er funksjonskategoriar som inneheld store ulikskapar i mandat og arbeidsoppgåver, og det er nokre få individ som drar opp gjennomsnittet.

Likelønnsoversikt for 2025	Menn	Tal	Kvinner	Tal	Totalt
Alle tilsette	100%	130	102 %	144	274
Alle tilsette utan teatersjef og direktør	100%	130	100 %	142	272
Leiargruppa	100%	2	104%	6	8
Leiargruppa utan teatersjef og direktør	100%	2	87%	4	6
Mellomleiarar	100%	6	101%	8	14
Skodespelarar og musikarar	100%	39	99%	29	68
Anna kunstnarleg personale	100%	2	109%	3	5
Administrative stillingar utan leiaransvar (adm, pp, kom)	100%	4	103%	19	23
Billettluke og publikumsservice	100%	8	99%	28	36
Scene, lys, rekvisitt, maskør, påkledar, drift og vedlikehald	100%	51	101%	22	73
Inspisientar, lagleiarar, andre særskilte funksjonar	100%	9	90%	11	20
Snikkar, målarar, kostyme	100%	9	102%	18	27
Gjennomsnittslønn med teatersjef og direktør	643 147	130	654 178	144	274
Gjennomsnittslønn utan teatersjef og direktør	643 147	130	642 030	142	272
Gjennomsnittslønn alle tilsette	649 014	274			
Gjennomsnittslønn alle tilsette, utan teatersjef og direktør	642 557	272			
Gjennomsnittslønn leiarar	808 084	8	899 801	14	22
Gjennomsnittslønn leiarar utan teatersjef og direktør	808 084	8	799 007	12	20
Gjennomsnittslønn andre tilsette	631 870	122	627 314	130	252

Lønnsgrunnlaget er rekna ut ifrå 100 % årslønn for faste, åremål, vikarar og engasjerte på månadslønn i januar 2026






Magic Mouse vs. Capitalism. Foto: Ole Herman Andersen



Prosessen mot menneske. Foto: Ole Herman Andersen



Europavisjonar. Foto: Siren Høyland



Europavisjonar. Foto: Siren Høyland

Vinter. Foto: Kurt Van Der Elst



Lady Macbeth. Foto: Monica Tormassy



Vinter. Foto: Kurt Van Der Elst



**DET
NORSKE
TEATRET**

DETNORSKETEATRET.NO